

# Forord

Luster kommune har gjennom sin kulturplan (1990-2002) trekt opp hovudlinjene for arbeidet innan kultursektoren. Ein av "hjørnesteinane" i den lokale kulturpolitikken er å gi gode vokstervilkår for dei lokale og nasjonale kulturtradisjonane som har fått roffeste i Luster. Kulturvernet representerer nasjonale verdiar i kunst og kulturformer. Dei synlege uttrykka for livsformer i eldre tid hjelper oss til å oppleve fortida, dei skaper forståing for samanhengen mellom generasjonane og forklarar vår eiga tid sitt levesett.

Luster kommune har ein rik kulturarv å forvalte i alle dei spora som finst att frå tidlegare tider. Hovudutval for kultur og fritid tok initiativ til å få utarbeida ein kommunedelplan for kulturminnevernet den 15.november 1991 i KU-sak 103/91. I formannskapet 8.april 1992, F-sak 078/92 vart det så gjort endeleg vedtak om utarbeiding av kommunedelplanen. Hovudutval for kultur og fritid har vore styringsgruppe for planarbeidet, og i KU-sak 071/92 vart det vedteke hovudmål og delmål for kulturminnevernplanen. Det har vorte halde møter med dei tre sogelaga i kommunen der desse har kome med innspel til planen. Vidare har det vore fleire bygdemøter der kommunen har orientert om planarbeidet, det har vorte halde tverretatlege møte, -også med representantar for overordna styresmakter. Utover dette er det henta inn opplysningar frå fagfolk og lokalkjende etter behov. Plandokumentet er freista utforma slik at det kan gi informasjon og kunnskap om denne delen av kulturarven i Luster, samt eit oversyn over utførte registreringar, tilskotsordningar og juridiske tilhøve.

Kapittel 5 er den mest omfattande delen av planen, der den viser kva som syner att i frå tidlegare tider, og på denne måten gir eit inntrykk av mangfaldet og karaktertrekka ved kulturminnearven i kommunen. Kapitlet kulminerer i pkt. 5.11 i ein omtale av det aller mest særprega og representative av kulturminnearven i kommunen.

Handlingsprogrammet, frå no av kapittel 6, inneheld dei politiske prioriteringane i planen. Den siste rulleringa av handlingsprogrammet var i K sak 13/00, den 29.mars 2000. Hovudrullering av planen var sist gong i K-sak 71/94, den 14. september 1994.

For Luster kommune er denne planen ikkje berre eit styringsdokument, men det er å vona at informasjonsverdien også kjem alle innbyggjarane til nytte i framtida.

Gaupne  
05.april 2000

Erling Bjørnetun  
kultursjef

## **Vedtak:**

Planen vart handsama i kommunestyret den 14.09.1994, K-sak 71/94, med følgjande samrøystes vedtak: *Luster kommune vedtek kommunedelplan for forvaltning av kulturminne. Handlingsprogrammet må til ei kvar tid tilpassast økonomiplanen.*

Ved rullering av handlingsprogrammet i 1996 gjorde kommunestyret bl.a. følgjande presiseringar:

1. *Luster kommune vedtek at tiltak som kan dokumentere statleg og/eller anna offentleg tilskot i prinsippet kan få innvilga tilsvarande kommunalt tilskot, men likevel ikkje over 2/3 av totalkostnad.*
2. *Luster kommune vedtek også at innhaldet i kommunedelplanen for forvaltning av kulturminne i Luster skal rullerast kvart 4. år, medan handlingsprogrammet skal rullerast kvart 2. år.*

Ved rullering av handlingsprogrammet i 2000 gjorde kommunestyret bl.a. følgjande presiseringar:

1. *Handlingsprogrammet i planen vert frå no av kalla kapittel 6.*
2. *Søknadsfristen for kommunalt tilskot til restaurering av kulturminne i Luster vert sett til 1. mars.*
3. *Handlingsprogrammet har no fått ein prioriteringsnøkkel som skal nyttast ved søknad om kommunale midlar.*
4. *Tingstova på Hunshamar, Marifjøra og «Munthehuset» og det verneverdige kulturlandskapet rundt dette bygget på Kroken gård, vil verta høgast prioritert for kommunalt tilskot i neste toårsperiode.*

# Innhald

<b>1. Kulturminnevern</b>	<b>6</b>
1.1 Mål for kommunedelplanen	6
<b>2. Ulike verkemiddel for å fremje kulturminna</b>	<b>8</b>
2.1 Juridiske verkemiddel	8
2.2 Økonomiske verkemiddel	10
2.3 Andre verkemiddel	13
<b>3. Oversikt over kulturminneregistreringar i kommunen</b>	<b>14</b>
<b>4. Verna eller freda bygningar og miljø i kommunen</b>	<b>15</b>
<b>5. Mangfaldet og karaktertrekka</b>	<b>17</b>
5.1 Frå forhistorisk tid til reformasjonen (1537)	17
Steinalderen	17
Bronsealderen	17
Jernalderen	17
Vikingtid og mellomalder	17
5.2 Heilskaplege kulturmiljø	21
5.3 Karaktertrekk ved byggeskikken i Luster	22
5.4 Garden og gardshusa	23
Tunskipnad, heile garden	23
Bustadhus, stovehus	24
Eldhus og smie	26
Løe, fjøs og stall	26
Stabbur	27
Jordkjellar/potetkjellar	27
Turkehus	27
Utløe	28
Stølsbygningar	28
Naust og sjøhus	29
Torvhus	29
Tobakkshus	29

## Forvaltning av kulturminne i Luster 1994-2001

<b>5.5 Ferdsel og handel</b>	<b>29</b>
<b>Vegar</b>	<b>29</b>
<b>Handel</b>	<b>30</b>
<b>Drifting</b>	<b>31</b>
<b>5.6 Handverk, småindustri og bergverksdrift</b>	<b>32</b>
<b>Handverk og småindustri</b>	<b>32</b>
<b>Bergverksdrift</b>	<b>32</b>
<b>5.7 Turisme</b>	<b>34</b>
<b>5.8 Vasskraft</b>	<b>34</b>
<b>5.9 Religiøs og offentlig verksemd</b>	<b>36</b>
<b>Bygningar knytt til religiøs verksemd</b>	<b>36</b>
<b>Ungdomshus</b>	<b>37</b>
<b>Skulebygningar</b>	<b>37</b>
<b>Bygningar knytt til helse og sosialstell</b>	<b>39</b>
<b>5.10 Eldre kulturlandskap</b>	<b>39</b>
<b>Kulturmarkstypar</b>	<b>39</b>
<b>Tekniske anlegg knytt til jordbruksdrift</b>	<b>40</b>
<b>5.11 Det mest karakteristiske ved kulturminnearven i Luster</b>	<b>40</b>
 <b>HANDLINGSPROGRAM</b>	 <b>42</b>
 <b>Litteraturliste</b>	 <b>48</b>
<b>Vedlegg</b>	<b>50</b>

# 1. Kulturminnevern

Opp igjennom tida har det vore ulike oppfatningar av kva som er kulturminne og kva det er verd å ta vare på. Mange ulike ord har vore nytta, som oldtidsminne, fornminne, fortidsminne, bygningsmonument osv. Vernetanken har lange tradisjonar, og her i landet vart 1814 ei viktig hending der kulturminna vart nytta for å skape ein nasjonal identitet.

Interessa for kulturminne var tidlegare knytt til funn frå middelalderen med stavkyrkjer og vikingefunn. Etter kvart kom interessa for yngre kulturminne, -og i dag kan ein difor veldig breitt seie at kulturminne er alle materielle spor etter menneskeleg aktivitet.

Det må skiljast mellom lause og faste kulturminne. Faste kulturminne er “jordfaste”, og kan normalt ikkje flyttast. Bygningar, gravhaugar, vegar osv., er faste kulturminne. Lause kulturminne kan lett flyttast og blir til vanleg omtala som gjenstander. Denne planen er avgrensa til å gjelde faste kulturminne.

Eit anna viktig skilje er før og etter reformasjonen. Faste kulturminne frå før 1537, er automatisk freda. Det er m.a.o. ulovleg å gjere inngrep i desse kulturminna. Dette er heimla i § 4 i kulturminnelova. Andre kulturminne frå nyare tid som er freda er kyrkjer eldre enn 90 år, samiske kulturminne eldre enn hundre år og alle skipsfunn. Alle faste kulturminne kan likevel bli freda ved særskilt vedtak. På Riksantikvaren si fredningsliste er det for heile landet i dag ført opp i overkant av 2000 bygningar.

Omgrepet kulturlandskap er etter kvart vorten mykje brukt i samanheng med kulturminne. I dette planarbeidet er kulturlandskapsomgrepet i hovudsak avgrensa til det historiske kulturlandskapet som menneske har forma gjennom tidlegare tiders landbruksdrift. I dette inngår ulike kulturmarkstypar som hagemarker og styvingstre, tekniske anlegg som steinmurar og rydningsrøyser og heilskapelege kulturlandskap med både bygningar, anlegg og kulturmark.

## 1.2 Mål for kommunedelplanen

Mål for planarbeidet vart vedteken i hovudutval for kultur og fritid i sak 071/92:

### *Hovudmål*

I Luster finst det mange spor etter tida som har vore. Frå dei eldste buplassane for mange tusen år sidan i Jostedalen, og vidare framover: ristningar knytt til grøderikdom i Luster, sjeldan storgard frå jernalderen på Heggmyrane, kyrkjer og kyrkjegardar frå mellomalderen og vidare nyare kulturminne knytt til bygningar, ferdselsvegar, tekniske installasjonar og kulturlandskap.

Framtida kjem fortare no enn før..., og det er lett å endre omgivnadene våre og vi har utstyr til å gjere det raskt. Det som har forsvunne klarer vi ikkje å skape på ny.

## Forvaltning av kulturminne i Luster 1994-2001

Det er naudsynt å ta vare på noko av fortida for ettertida. Vi som tek avgjerder i dag må og gjere det mogleg for dei som kjem etter oss å kunne ta avgjerder.

*\* Skape forståing og respekt for den eineståande kulturarven vi forvaltar i Luster*

*\* Ta vare på døme på representative og særprega kulturminne i Luster*

### *Delmål*

Kulturminne kan vere gode kjelder til kunnskap innafor mange emne. Med nokre kulturminne kan ein få innsikt i tidlegare tiders byggeteknikk, materialbruk, arkitektur, korleis bygningar var plasserte i forhold til kvarandre. Andre kulturminne gir ei kjensle av korleis levekåra må ha vore, kva arbeid som vart gjort, om visse hendingar osv. Kulturminna kan og vere med å fortelje næringshistorie, t.d. utviklinga innan ei næring som framleis finst eller ei næring som var særprega men no er borte.

*\* ta vare på kulturminne som er gode kjelder til kunnskapsformidling, gjennom sin bygningshistoriske-, sosialhistoriske og næringshistoriske verdi*

Opplevingsverdien til kulturminne er vanskeleg å skildre fordi den er så nøye knytta til einskildpersonar. Likevel vil nokre kulturminne skilje seg ut for ei større gruppe menneske fordi kulturminna gir kjensle av identitet, det å høyre til. Kunnskap om historia til kulturminnet aukar som regel kjensla av identitet. Ein oppleving av kulturminne kan og vere knytt til det estetiske i arkitekturen eller det handverksarbeidet som ligg bak.

*\* ta vare på kulturminne som er gode kjelder til opplevingsverdi knytt til estetikk og/ eller identitet*

Ulike former for informasjon er viktig for å auke kjennskapen til kulturminna i kommunen. Dette kan t.d. vere guider (skriftlege og munnlege), utstillingar, film, kurs og byggeskikkpris.

*\* auke kjennskapen til kulturminna gjennom informasjon*

Dei mest verneverdige kulturminna i kommunen må sikrast på ein forsvarleg måte. Dette må vere eit ansvar for fleire enn berre dei som eig kulturminna. Det finst fleire lovverk ein kan nytte for sikring/vern av kulturminne, samt tilskotsordningar.

*\* sikre dei viktigaste kulturminna i kommunen, om naudsynt ved vern gjennom kulturminnelova eller plan- og bygningslova*

Kulturminne som er frå før reformasjonen (år 1537) er automatisk freda gjennom kulturminnelova, og vert kalla fornminne. Forvaltningsansvaret på fornminna er delt mellom fylkeskultursjefen og riksantikvaren. Det er og dei som har hovudansvar for eventuell tilrettelegging og skilting av desse kulturminna.

*\* inngå samarbeid med styresmaktene som har forvaltningsansvar for dei automatisk freda kulturminna i kommunen*

## 2. Ulike verkemiddel for å fremje kulturminna

Kommunen, fylkeskultursjefen og staten sit med ulike verkemiddel for å sikre at verneverdige kulturminne og kulturlandskap ikkje går tapt. Verkemidla er mange, men dei må brukast.....

### 2.1 Juridiske verkemiddel

Dei viktigaste lovverka for kulturminnevernet er:

- \* *Plan- og bygningslova av 20.juni 1986*
- \* *Lov om kulturminner av 9.juni 1978*
- \* *Lov om naturvern av 19.juni 1970*
- \* *Lov om kirker og kirkegarde av 3.august 1897*
- \* *Vegloven av 21.juni 1963 nr.23*
- \* *Jordlova av 18.mars 1955 nr. 2*
- \* *Skogbrukslova av 21. mars 1965*
- \* *Oreigningslova av 23.oktober 1959*

Her vert plan- og bygningslova, kulturminnelova og naturvernlova omtala, ettersom desse er dei viktigaste lovene for kulturminnevernet.

*Plan- og bygningslova (PBL)* Plan og bygningslova pålegg kommunane å drive oversiktsplanlegging gjennom utarbeiding av kommuneplan med arealdel. Her kan ein vise område som er spesielt interessant i kulturminnesamheng ved å bandleggje område etter § 20-4, pkt.4. Dette føreset at ein i løpet av 4 år utarbeider planar for vidare oppfølging, reguleringsplan eller ved å bruke andre lover (sjå under.).

Gjennom plan- og bygningslova skal og kommunen drive fysisk detaljplanlegging og handsame byggesaker.

Paragraf 25.6 gir kommunane høve til å regulere til spesialområde for bevaring. Dette gjeld for område som inneheld “bygningar og anlegg som på grunn av historisk, antikvarisk eller annen kulturell verdi skal bevarast”. Dette kan omfatte alt frå større tettbygde område eller kulturlandskap og ned til ein enkelt bygning. Til reguleringsplanen vert det utarbeida føresegner om vedlikehald og eventuell nybygg som går lenger enn vanleg når det gjeld krav til materiale, fargar og tilpassing.

Plan- og bygningslova har ein “pusteroms”-paragraf, § 33, som gir heimel til å stoppe uønska byggeprosjekt, riving e.l. Denne gjeld for to år og det må innan den tid ligge føre ein reguleringsplan.

Kommunen kan nytte “skjønnhetsparagrafen”, § 74-2, for å “se til at ethvert arbeid som omfattes av lovens ~ 93 (det som krev byggeløyve), blir planlagt og utført slik at det etter rådets skjønn tilfredsstillar rimelige skjønnhetskensyn både i seg selv og i forholdet til omgivelsene. Skjemmende farger er ikke tillatt og kan kreves endret.”

## Forvaltning av kulturminne i Luster 1994-2001

Plan- og bygningslova gir og føresegner om handsaming av byggjesaker. M.a. er kommunen pålagt etter § 92 (verneregelen) “ se til at historisk, arkitektonisk eller kulturell verdi som knytter seg til en bygnings ytre, så vel mulig blir bevart”.

Etter § 81 skal oppføring av nye driftsbygningar i landbruket og endring av eksisterande driftsbygningar meldast til kommunen.

§ 79 omhandlar uvanleg bygging og bygningsrådet kan “forby bebyggelse som etter sin art eller størrelse avviker vesentlig fra det som er vanlig i strøket,..”

For fleire av dei paragrafane som er nemnt her kan kommunen utarbeide vedtekter som skjerpar eller lempar, gir tillegg eller unnatak av dei føresegnene som er gitt i lova.

### *Kulturminnelova*

Kulturminnelova har som føremål å verne og ta vare på kulturminne. Lova inneheld føresegner om vern av faste og lause fornminne frå oldtid og mellomalder, samiske kulturminne eldre enn 100 år og kulturminne frå nyare tid.

Alle kulturminne frå før reformasjonen (1537), er automatisk freda. Frå § 3 har vi: “ - Ingen må sette i gang tiltak som er egnet til å skade, ødelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annan måte utilbørlig skjemme fredet fast fornminne eller fremkalle fare for at dette kan skje.»

Ved planlegging av større tiltak har det ansvarlege forvaltningsorganet plikt til å undersøke eller melde frå til ansvarlege antikvariske styresmakter for å få undersøkt om tiltaket vil påvirke kulturminnet. Det er utbyggjaren som i utgangspunktet skal dekke kostnadene ved slike undersøkingar.

§ 15 opnar for freding av nyare kulturminne som har arkitektonisk eller kulturhistorisk verdi. Dette fredingsvedtaket gjeld bygningar og anlegg, men og gamle ferdsselsvegar, bruer, vegmerke, brygger og andre tekniske kulturminne.

§ 21 opnar for freding av området rundt eit automatisk freda kulturminne eller eit nyare kulturminne. Dette er gjort for at ein kan legge restriksjonar på bygging og bruk i områda attmed kulturminnet.

### *Naturvernlova*

Naturvernlova har berre ein paragraf som er relevant for kulturminnevernet. Men dette er og det viktigaste hjelpemidlet om ein vil verne eit kulturlandskap.

I § 5 står det: “For å bevare egenart eller vakker natur - eller kulturlandskap kan arealer legges ut som landskapsvernområder.”

I naturvernlova er særmerkte kulturlandskap definert som: “*natureng, havnehager, setervoller og annet gammelt jordbrukslandskap og landskap rikt på fornminner. Men det kan også omfatte kulturlandskap som er i bruk og har bebyggelse. Forutsetningen er at det hele faller naturlig inn i det landskapet en vil ta vare på. Kulturlandskapet og landskapet omkring må sammen legges ut til landskapsvernområde.*”

## 2.2 Økonomiske verkemiddel

Det finst ein del stønads- og låneordningar som kan brukast i kulturminnearbeidet Her er gitt ei kort oversikt over dei viktigaste finansieringskjeldene:

### *Fylkeskultursjefen, tilskot til kulturminnevern*

Tilskotet går til vedlikehald og istandsetjing av verneverdige kulturminne. I tillegg vert det fordelt statstilskot til ulike føremål. Desse føremåla er for tida: a) til vedlikehald og sikring av freda og særleg verneverdige bygningar, b) til restaurering og sikring av tekniske anlegg, c) til kystkultur. Luster fekk for 1993 tildelt kr. 50.000,- fordelt på to søknader av i alt fem.

Søknadsfristen for desse tilskotsordningane har vore 15. februar, og søknaden utarbeidast på særskilt skjema som skal sendast fylkeskultursjefen.

### *Fylkeskultursjefen, tilskot gjennom tippemidla*

Kulturdepartementet løyver tippemidlar til friluftslivstiltak. Dette gjeld mellom anna restaurering av gamle ferdselsveggar. Om vegane ligg slik til at dei kan definerast som nærmiljøanlegg er det mogleg å få dekkja opp til 50 % av den totale søknadssummen. Utafor nærområda er det mogleg å få dekkja opp til 43 % i Luster (differensiert stønad). Minimum budsjett er 30.000,- og maksimum er 550.000,-. Søknadene skal gå gjennom kommunen og frå 1994 må slike tiltak innarbeidast i ein "Kommunedelplan for anlegg og område for idrett og friluftsliv" som kommunen er pålagt å utarbeide.

Det var ingen slike søknader frå Luster for 1993.

Søknaden utarbeidast på særskilt søknadsskjema og søknaden sendast til kommunen innan 1. november.

### *Fylkesmann, miljøvernavingdelinga, tilskot til m.a. friluftsliv og Aksjon Vannmiljø*

Ved tiltak langs vassdrag og sjøområde som er ein del av Aksjon Vannmiljø er det opna for å gi tilskot til restaurering og vedlikehald av kulturminne.

Gjennom friluftslivsmidlane er det mogeleg å få tilskot til restaurering av gamle ferdselsveggar som ein ynskjer skal brukast i friluftslivssamanheng.

Kommunar og organisasjonar kan søke på desse tilskotsordningane. Det er mogeleg å få frå 20%-100% av totalkostnadane, men som regel ikkje over 50 %. Søknadene utarbeidast på særskilde søknadsskjema og sendast fylkesmannen innan 1. November.



## Forvaltning av kulturminne i Luster 1994-2001

### *Fylkesmann, landbruksavdelinga, -kulturlandskapstilskot*

Landbruksdepartementet løyver pengar til kulturlandskapstiltak. Dette gjeld:

- betre tilkomst og landskapsopplevingar
- ta vare på og utvikle eit rikt dyre- og planteliv
- halda gamal kulturmark i hevd
- ta vare på og bruke kulturminne

For nokre av tiltaka er det krav om 30 % ekstern delfinansiering.

Dei tiltaka som oppfyller fleire mål vil bli prioritert. Likeins tiltak som fell saman med fylka sine registreringar over verdifulle kulturlandskap.

I 1993 i Luster fekk 9 av 11 søknader kulturlandskapstilskot på tilsaman 93.200,-

Det kan bli gitt eingongstilskot og årlege tilskot.

Søknadsfrist er 15. mai.

### *Bygdeutviklingsmidlar*

Føremålet med bygdeutviklingsfondet er å stimulere til nye arbeidsplassar på bygdene som tilleggsnæringer til tradisjonelt landbruk og anna næringsverksemd. Restaurering /vedlikehald av verneverdige bygningar og anlegg som ledd i eit "turistprosjekt", kan vere eit tiltak der BU-midlar kan nyttast til kulturminne.

Søknaden sendast på særskilt skjema til landbruksavdelinga hos Fylkesmann eller til næringsavdelinga i Fylkeskommunen. Søknadsskjema og rettleiing kan ein få på landbrukskontoret.

### *Fylkesmann, landbruksavdelinga, tilskot til restaurering av freda og verneverdige bygningar i landbruket*

Landbruksavdelinga hos Fylkesmann kan gi tilskot til freda eller verneverdige bygningar i landbruket der desse bygningane kan nyttast i drifta på garden, eller dei er viktige for det heilskaplege gardsmiljøet. Det må utarbeidast plan for restaureringsarbeidet og søknaden skal sendast på eige skjema. Det er mogleg å få eit tilskot på opp til 35 % (i særskilde tilfelle 50 %) av kostnadsoverslaget, med eit tak på kr. 200.000,-pr. bruk. Søknadene skal sendast gjennom landbrukskontora til landbruksavdelinga hos Fylkesmann.

For 1993 fekk 4 av 11 søknader i Luster tildelt tilsaman kroner 95.000,-

Søknadsfrist varierer noko frå år til år, og er i 1994 1. juni.

### *Husbanken og landbruksbanken*

Husbanken og landbruksbanken er truleg dei viktigaste finansieringskjeldene i vernearbeidet. Dei pengesummane som er til disposisjon her er langt større enn andre stønadsordningar.



I kulturminnesamanheng er det spesielt låneordningar som bygger på eit samarbeid mellom husbanken og dei antikvariske styresmaktene som er interessant. Vilkår for å få lån etter denne ordninga er at det føreligg ein konkret tilråding frå fylkeskonservatoren. Vidare vert det stilt krav om at det arbeidet som skal gjerast tek omsyn til at bygningen er verneverdig.

Vidare kan husbanken og/eller landbruksbanken gi lån og/eller tilskot til utbetring av bustad som er bebudd av personar over 60 år, funksjonshemma eller personar som har spesielle sosiale behov. Lån til barnehagar, fritidsheimar og anna og etableringslån til støtte for personar som ikkje kan skaffe eigenkapital. Desse ordningane kan i mange høve vere med på å sikre verneverdig busetnad.

### *Produksjonstillegg i jordbruket*

Ein av postane som sorterer under produksjonstillegg i jordbruket er areal- og kulturlandskapstillegget. I Sogn og Fjordane blir det kvart år utbetalt 50-60 mill. kroner til dette føremålet. Denne stønaden vert utbetalt under føresetnad av at det ikkje blir gjort inngrep i kulturlandskapet.

Dette inneber:

- a) elver og bekker skal ikkje kanalisert eller lukkast
- b) opne grøfter skal ikkje lukkast
- c) skogbryn, kantsoner og andre restarealer mot innmark skal ikkje dyrkast opp
- d) åkerholmer, steingjerde og gamle rydningsrøyser skal ikkje fjernast
- e) jordbruksarealer skal ikkje planerast
- f) ferdselsåre skal ikkje oppdyrkast eller stengjast
- g) kantvegetasjon og åkerholmer skal ikkje sprøytast med mindre dette er eit ledd i skjøtsel av kulturlandskap.

### *Kommunale tilskotsordningar*

På kulturbudsjettet er det sett av nokre midlar til kulturminnearbeid.

0.477.411:Oppfølging av kulturminneplanen, 150.000,-

-1.520.270:Vernetiltak, 50.000,-

-1.520.340:Tilskot til kulturvern, 50.000,-

Det er ikkje utarbeidd retningslinjer for korleis desse midlane skal fordelast. Summen for oppfølging av kulturminneplanen vil bli nytta i høve handlingsprogrammet.

Kommunen har fleire stønadsordningar som får tilskot til nybygg, påbygg og ombygging. Desse stønadsordningane set i liten grad eller ikkje i det heile krav til kulturvern. Her kan det innarbeidast tilleggskriteriar som gjer det mogleg å stimulere til vedlikehald og restaurering av interessante bygg og anlegg. Dette gjeld spesielt tilskot til spreidd busetnad og tilskot til eldre bustadbus, over postane 1.400.341, (for 1994, kr. 200.000,-) og 1.400.340, (for 1994, kr.100.000,-).

Dette gjeld og tilskot til nærmiljøanlegg og lokale forsamlingshus, som kulturretaten fordeler etter søknad over postane 1.554.340, (for 1994, kr. 280.000,-) og 1.554.341, (for 1994, kr. 120.000,-).

Landbruksavdelinga disponerer og ein god del tilskotsordningar for jord- og skogbruket som det til ein viss grad burde vere mogleg å leggje inn kriteriar som styrkar kulturminna.

## 2.3 Andre verkemiddel

## Forvaltning av kulturminne i Luster 1994-2001

Med meir informasjon om kulturminne og kulturlandskap vil ein kunne unngå ein del av dei uheldige situasjonane vi ser i dag. Det mest iaugefallande er bygningar som står og forfell, uheldige fasadeendringar og tilbygg på eksisterande bygningar. Ofte er kostnadene med å sette i stand eit gammalt hus ikkje vurdert opp mot kostnadene med å bygge nytt. I kulturlandskapet er det døme på m.a. steingjerde som vert nedrivne og randsoner som vert hogd ned sjølv om det kanskje var mogleg å finne andre løysingar. Kommunen kan m.a. gi rettleiing i forhold til byggesøknader og byggemeldingar. Vidare bør ein i større grad informere om tilskotsordningar og gi bygningsfagleg bistand til vedlikehald og restaurering. I samarbeid med lokale lag og organisasjonar som arbeidar med kulturminne og kulturlandskap kan kommunen vere «fødselshjelpar» på tiltak som fremjar interessa for kulturminne.

Konkrete informasjonsoppgåver kan vere utarbeiding av skilt og brosjyrar. Eit tiltak kan vere opparbeiding av *natur- og kulturminneløyper*.

Naturlege utgangspunkt for slike rundturar kan vere sentrale kulturminne eller anna sjåverdig i kommunen. På stadtilpassa skilt og/eller brosjyrer må det kome fram opplysningar om interessant kulturhistorie og skilting av naturforhold. Skulane har etterlyst slike rundløyper og det vil og kunne tilpassast turistar. Balestrand kommune saman med reiselivskontoret har laga ei slik rundløype med utgangspunkt i Balestrand sentrum som vert mykje nytta, spesielt av tilreisande. Ved utarbeiding av slike rundløyper er det viktig at skilta er små, maksimum A-5 format, at det ikkje er for mange og at plasseringa er harmonisk i landskapsbilete. Ofte vil det vere lurt å gi meir utfyllande informasjon i ein foldar i staden for å auke storleiken på skilta.

Kommunen kan saman med arbeidsmarknadsetaten spele ei sentral koordinerings- og igangsettarrolle for å få til *restaureringsprosjekt gjennom sysselsetting*. Å ta vare på og sette i stand kulturminne er i fyrste rekke opp til eigaren og kva interesse han har for det. Det offentlege sin medverknad i restaureringsprosjekt må difor vere i samarbeid med eigaren. Men som diktaren Viktor Hugo seier:

*Ein bygning har to eigenskapar,  
bruken og venleiken.  
Bruken tilhøyrrer eigaren,  
venleiken heile verda.*

Det finst fleire døme frå andre kommunar og offentlege instansar som gjennom sommarmånadene har hatt ein “vedlikehaldsgjeng” som har vore leia av ein faglært arbeidsleiar.

### 3. Oversikt over kulturminne- registreringar i kommunen

Her følgjer ei oversikt over ulike registreringar og andre opplysningar om kulturminne som er ein del av grunnlagsmateriale for arbeidet.

#### *Registreringar av automatisk freda kulturminne*

I høgfjellsområdet nordaust i Jostedalen er det registrert i alt om lag 80 automatisk freda kulturminne fordelt på 35 lokalitetar (Randers 1986). I stølsområda i deler av Jostedalen, Vigdalen, Engjadalen og Luster er det registrert om lag 265 automatisk freda kulturminne fordelt på 40 lokalitetar (Randers å Kvamme 1992).

På økonomisk kartverk er det fram til på 1970-talet registrert 148 automatisk freda kulturminne i Luster kommune som ligg under 800 moh.

I nedslagsfeltet til Mørkridsvassdraget er det registrert 40 område med automatisk freda kulturminne. I nedslagsfeltet til Feigumvassdraget er det registrert 17 område, og i nedslagsfeltet til Uvla (den delen som ligg i Luster kommune) er det registrert 17 område med automatisk freda kulturminne (Gustafson 1982).

I fjellområda i kommunen som går under namnet Jotunheimen / Breheimen, er det registrert 65 anlegg av interesse for jakt og fangst. (Mølmen 1977)

Førhistoriske registreringar som vart utført av J. Bøe på 40-talet og P. Fett på 50-talet (Fett 1954, Bøe 1944) er i hovudsak kome med i nyare registreringar. Dei siste registreringar i Luster vart gjort i 1984, og er avmerkt på økonomisk kartverk.

#### *Registreringar av andre kulturminne og eldre kulturlandskap*

Vi viser her til kap. 4 som gir ei oversikt over freda eller verna kulturminne og kulturlandskap i Luster.

SEFRAK-registreringa har pågått i fleire år og vart sluttført sommaren 1993. Gjennom denne registreringa er alle bygningar bygd før år 1900 fotografert og registrert. Det er tilsaman registert i overkant av 1700 bygningar. Ved utarbeiding av denne kulturminneplanen har SEFRAK-materialet vorte nytta som rettleiande og til oppslag. På grunn av tidsbudsjettet har det ikkje vore mogeleg å evaluere heile dette materialet.

Utover dette er det ikkje føreteke noko heilskapleg registrering av kulturminne eller kulturlandskap. Men det føreligg nokre opplysningar frå ulike faginstansar.

16 modellområde for kulturlandskap og kulturmarkstypar i Luster er omtala i forskingsrapporten frå Sogn og Fjordane distriktshøgskule "Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Luster kommune", (Hauge og Austad 1989). Rapporten gir døme på kva for kulturlandskap og Kulturmarkstypar som er representativt i kommunen.

## Forvaltning av kulturminne i Luster 1994-2001

Både Fortidsminneforeningen og fylkeskultursjefen kom med innspel til kommune-planen i 1989 og 1990. Her er gitt opplysningar om bygningar og miljø som dei meiner er verneverdige. Det er i denne samanhengen og gitt eit innspel frå kultursjefen. (Brev frå Fylkeskultursjefen, av 27.01.89, brev frå Fortidsminneforeningen av 28.03.90 og brev frå kultursjefen av 16.08.90)

Under slutføring er ei hovudoppgåve i etnologi som omhandlar byggeskikken i Luster. Denne er i nokon grad vorte brukt som grunnlagsmateriale (Mork,P 1994)

Alle sogelaga i kommunen har kome med opplysningar om viktige kulturminne i kommunen. Vidare bygger i hovudsak omtalen av representative og særmerkte kulturminne i denne planen på førespurnader til kulturkontoret vedrørande råd og/eller økonomisk stønad, og søknader til Fylkeskultursjefen om kulturminnetilskot.

## 4. Verna eller freda bygningar og miljø

Under fylgjer eit kort oversyn over kulturminne som er freda eller verna i Luster kommune. Kulturminna blir presenterte etter kva vernestatus dei har.

### *Automatisk freda kulturminne etter § 4 i kulturminnelova*

Alle kulturminne frå oldtida og mellomalderen, fram til 1537, er freda. Desse er freda anten dei er registrerte eller ikkje. Døme på automatisk freda kulturminne er spor etter fangst, landbruk, busetnad, vegar, offerstader, gravstader osb. Om lag 150 område med automatisk freda kulturminne er registrert i låglandet i Luster og er avmerkt på økonomisk kartverk. Kulturminne i fjellet kan det vere vanskeleg å få auge på, og ein finn stadig nye spor. Det er registrert om lag 160 stader i fjellet der ein har automatisk freda kulturminne og i tillegg i underkant av 70 fangstanlegg

Under denne fredningsparagrafen kjem og kyrkjene og kyrkjegardane frå før 1537

*Urnes stavkyrkje (ca.1160)*

*Dale kyrkje (ca.1250)*

*Fortun kyrkjegard*

### *Kulturminne frå nyare tid som er freda etter § 15 i kulturminnelova*

*\* Flahammer (gnr/bnr 54.1), hovedbygning på Flahammer er datert 1760-65.*

*\* Sel og gamle murar på fjøs, Vigdalsstølen*

*\*Luster prestegard, hovudbygning (1730-34, med kjellarmurar frå middelalderen), stabburet og lysthuset (i Stupulshagen)*

### *Kulturminne underlagt særskilt vern etter "lov om kirker og kirkegaarde "*

Alle kyrkjer og kyrkjegardar frå tida etter reformasjonen (1537) og fram til for 90-100 år sidan er underlagt særskilt vern etter nemnde lov. Dette inneber restriksjonar når det gjeld ombygging, riving, ny busetnad i nærleiken av kyrkjene og kyrkjegardane m.v.

*Gaupne gamle kyrkje (1647)*

*Gaupne kyrkje (ca. 1900)*

*Fet kyrkje (1894)*

*Joranger kyrkje (ca.1660)*

*Jostedal kyrkje (ca 1600)*

*Fortun kyrkje (1879)*

*Nes kyrkje (1836)*

*Solvorn kyrkje (1883)*

*Hafslo kyrkje (1878)*

*(Låvebygning oppført i 1882 av materialar frå 1600-talskyrkja i Solvorn).*

## Forvaltning av kulturminne i Luster 1994-2001

### *Område regulert til spesialområde for bevaring etter § 25.6 i plan- og bygningslova*

Bygningsmiljøet i Solvorn, bandlagt i arealdelen av kommuneplanen i påvente av reguleringsplan, regulert til spesialområde, vern. Mellombels byggje- og deleforbod.

Ornes, rundt stavkyrkja, mellombels byggje- og deleforbod i påvente av reguleringsplan med regulering til spesialområde, vern.

### *Område verna etter naturvernlova*

Fire større naturvernområde ligg heilt eller delvis i Luster kommune. Dette er Nigardsbreen naturreservat, Jostedalsbreen nasjonalpark, Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde. I tillegg eit mindre verneområde, Hafslø fugle-fredningsområde.

I det som følgjer er gitt ei oversikt over bygningar og anlegg som ein kjenner til i naturvernområda. Fleirtalet av desse anlegga er lite interessante i kulturminnevernsamanheng.

*Jostedalsbreen nasjonalpark har buer på Steinmannen (NVE-buer til bruk i forskningsamanheng), buer ved Tunsbergdalsbreen (NVE-buer, tidlegare i bruk i forskningsamanheng). I Nigardsbreen naturreservat er det P-plass med toalettanlegg og informasjonskiosk og NVE-bu til bruk i forsyningsamanheng. I Jotunheimen nasjonalpark ligg "hytta på bandet" (Skagastølsbu, DNT-hytte), Fanaråkhytta (DNT-hytte), Olavsbu (DNT-hytte), Gjertvassbu (fjellstyret) og eit privat naust ved Rundhaugvatnet. I Utladalen landskapsvernområde ligg Skogadalsbøen (DNT-hytte) + to steinhus, ei steinbu og ei nyare hytte i området, Vormli (tidl. gardsbruk, no hytte), murar frå stølshus på Gjertvassbøen og Lusahaugane, to sel og ei bu i Guridalen og den gamle fangstbua Storhilleren. I fuglefredningsområde for Hafsløvatnet ligg det nokre få bygningar.*

### *Bygningar frå kommunen som er på De Heibergske Samlingar/Sogn Folkemuseum, Kaupanger*

Oppsett på museet:

*Leirmostova, stove frå Leirmo, Gaupne, truleg bygd 1793*

*Sjøtunkverna, kvernhus frå Sjøtun, Solvorn,*

*Haugenstova, stove frå Haugen, Krundalen, truleg bygd tidleg på 1800-talet*

*Smie frå Haugen, Krundalen, truleg bygd tidleg på 1800-talet*

*Stabbur frå Heljegarden, Krundalen, truleg bygd tidleg på 1800-talet*

*Vigdalsloftet, loft frå Vigdalen, bygd om lag 1600*

*Opptunsløa, vanleg eldre løytype frå Optun, Fortun, bygd tidleg på 1800-talet*

*Sauefjøs frå Mo, Hafslø, bygd i 1850 -1860 åra*

*Lenmannshus frå Kvitevoll, Luster, bygd om lag 1840 og da samansett av to eldre hus*

Lagra på museet:

*Meieribbygg frå Døsen, Luster*

## 5. Mangfaldet og karaktertrekka

**Dette kapitlet er ei kort kulturhistorie for Luster med vekt på kva spor, anlegg, bygningar og kulturlandskap folk har laga i Luster.**

## 5.1 Frå forhistorisk tid og mellomalder

Alle spor etter menneske frå før 1537 (reformasjonen) er automatisk freda. Det er registrert ei mengd med automatiske freda kulturminne i Luster, både i fjellet og i låglandet.

Arkeologar reknar med at ein i dag berre kjenner til ein liten del av denne kulturarven. Dei automatisk freda kulturminna som er nemnt her er døme på minne som er representative og særmerkte for Luster.

### *Steinalderen, -fram til 1.800 f.Kr.*

Dei eldste spora ein kjenner til etter folk i Luster er frå fangstanlegg og mellombelse buplassar knytt til fangst (Randers 1986).

Eit slikt typisk fangstanlegg inneheld *dyregraver, bågastille og leidegjerde*. Ei dyre - grav er ei fallgrav (om lag 2 m lang, 2 m djup og 0,7 m brei) som var dekkja med kvist og mose og plassert der reinen hadde trekkveg. Gravene var murte opp av stein eller dei var laga som ei jordgrop. Leidegjerde vart sett opp for å føre dyra mot dyregrava. Dei kunne vere lagt opp av stein eller det var trekonstruksjon. Som regel gjekk gjerda diagonalt ut frå hjørna på dyregrava. Der det var fleire dyregraver var desse bundne saman med eit leidegjerde. Bågastille er ein oppbygd (eller utgravd) skjulestad for jegeren med pil og boge eller spyd. Bågastillet låg tett attmed trekkvegen til reinen, *berre 2-12 meter unna*

Slik form for jakt og fangst som er skildra her var truleg vanleg i Luster i steinalderen for over 4000 år sidan. Denne fangstformen har vore i bruk heilt fram mot vår tid.

Det er og registrert overnattingsplassar, herbyrge, i fjellområda og mange av desse ligg nær gode fangststader. Slike små "innsмого" finst under berghamrar og flyttblokker og er vanleg fleire stader i høgfjellet i Luster. *Ved Styggevatnet i Jostedalen er det funne herbyrge som inneheldt pilspisser. Dei eldste er datert til å vere over 4000 år gamle.*

Funn i låglandet i Luster frå steinalderen er steinøkser og flintreiskap som dolk, meisel og knivar. Desse funna gir ikkje vitnemål om fast busetnad. Likt med dei andre bygdene i indre Sogn er det få spor frå steinalderen. Den tidlege faste busetnaden var truleg i ytre kyststrøk der utkommet var lettare og rikare gjennom fiske.

### ***Dyregraver og bågastille nedafor Svartafjell /Kolnosi, Turtagrø***

*Fangstanlegget ligg ned under Svartafjell ved Turtagrø i Fortun. Her ligg i alt 6 dyregraver og eit bågastille. Mellom dyregravene går det leidegjerde. Anlegget ligg i ein trong passasje mellom eit tjørn og ei bratt fjellside. Her er truleg eit av dei største og mest konsentrerte reintrekka i Vest-Jotunheimen gått (Mølmen 1977).*



## Forvaltning av kulturminne i Luster 1994-2001

### *“Utladalshelleren” (Storhilleren jaktbu), Utladalen*

*Dette er eit naturleg kryppinn som er danna under to store steinblokker. For å få til tette veggjar er det murt opp med stein. Det er og murt opp ei pipe. Denne overnattingsstaden er på om lag 3,5 x 4 m og det er 1,5 meter høgt under taket Ved utgravingar er det funne spor som truleg er forhistoriske (Gustavsen, 1982).*

### *Bronsealderen, frå 1.800 - 500 f. Kr.*

Spora etter skålgroper eller offergroper som finst nokre stader i kommunen er truleg frå bronsealderen. Skålgropene er små, runde groper som er hogne ut i fast fjell eller i steinblokker. Dei høyrer til gruppa helleristingar og er tradisjonelt kalla bronsealderristingar sjølv om ein meiner at ein del av førekomstane er noko yngre (Randers 1992).

Plasseringane av skålgropene er knytt til jordbruksområde eller stølsvoll og beitemark i utmarka. Spesielt i Luster har skålgropene tilknytning til utmark der det var godt beite og sikker tilgang på vatn. I følgje Randers er det ingen andre stader i landet at ein finn ei så rikholdig førekomst av skålgroper som i Luster. Desse ristingane er tolka som kultus knytt til grøderikdom, og ein trur at det må ha vore fast busetnad når desse skålgropene var i bruk. I Jostedalen er det ikkje funne skålgroper i det heile.

### *Gravrøyser, hellerar og skålgroper på Saude, Luster*

*Attmed tunet på gardane på Saude er det spor etter fleire gravrøyser. Det er og funne spor som viser at det har vore kyrkje og gravplass på Saude og datering viser tilbake til mellomalderen.*

*På ei flate om lag 100 meter over garden ligg det ei større samling fornminne. Dominerande her er eit stort felt med skålgroper, som er det største feltet i Luster. Her er registrert 85 skålgroper på same berget. Dei er av ulik storleik og den største har ein diameter på 10 cm og ei djupne på 5 cm. Svaet er delvis dekt av mose som kan skjule fleire skålgroper.*

### *Andre skålgropførekomstar i kommunen:*

*\*Engjadalen, Havåsen, Rysete, Seljesete, Heggdalen, Navarsete, Hidlarsteinen, Jargolane, Gjetarhaugen (Øksnavollen)*

*\*Stordalen, Røssesete, Stuagjerdet, Jøng, Kvilebakken i Ulvedalen, Mjelkeflaten, Hæri, Flahamar, Kringlo (Kringlevatn, Dalsdalen), Bjønnavollane (Kringlevatn, Dalsdalen), Hornane nedre, Åsen (Dalsdalen)*

*\*Tvangen og Rupheim på Hafslo.*

### *Jarnalderen, frå 500f. Kr. til 800 e. Kr.*

Frå hundreåra etter år 0, eldre jarnalder (romertida), finst det mange spor i kommunen. Gravhaugane og gravrøysene vi ser er i hovudsak frå dette tusenåret før kristen tid i Noreg. Dei daude vart lagt i gravhaugar attmed garden slik at dei kunne “sjå heim att”. Dei gardane som har ein gravhaug på eigedom sin, kan difor med ganske stor sikkerheit seie at det har vore gardsdrift der sidan jarnalderen.

Gåvene dei fekk med seg i grava fortel om kva for status dei hadde, om rikdom og om det var kar eller kvinnfolk. Døme på gravgåver som er funne i Luster er m.a. smykke som spenner og halskjede i bronse eller sølv og med perler lagd av glas og rav, krukker av leire og nøklar, knivar og våpen i jern. Det er og funne romerske sølvmyntar. Mønster og utsjånad på funna tyder på ein god kommunikasjon med resten av Europa.



*Funn av jarnstenger eller jarnbarrer i Dalsdalen, på Drægne i Fortun og på Alme på Hafslo tyder på at det vart drive jarnsmelting i stort omfang (Laberg, 1926 b).*

Det er mest ikkje spor etter hustufter frå jernalderen i kommunen noko som truleg skuldast ein byggeskikk med mykje brok av tre. Det er eit viktig unnatak i kommunen: *Modvo på Hafslo. Andre hustufter frå jernalderen (folkevandringstida), er bygdeborgene ved Gildreskåri som ligg rett utafor kommunegrensa mot Årøy.*

### **Eldre jernaldergard på Modvo**

*Modvo ligg ved Heggmyrane på Hafslo. Modvo er ein audegard frå eldre Jernalder i perioden 350-450 e.Kr. Dette er einaste kjende gardsanlegget frå denne perioden i Sogn og Fjordane. Det ein veit om i dag er at gardsanlegget inneheld hustufter, veg, åker og gravhaugar. Den eine hustufta er ca. 40 m lang og 10-14 m brei. Denne var truleg delt i bustad og fjøs. Ein steinsett veg leiår fram til huset. Det er og funne ei lita hustuft i tillegg. Tett attmed hustufta ligg ein stor og vid gravhaug som ei kvinne var gravlagd i. 60 m sørvest ligg ein tilsvarande gravhaug. Denne inneheldt to mannsgraver og ei kvinnegrav. Alle har fått med seg gravgåver som vitnar om den høge statusen folka på Modvo har hatt i jernaldersamfunnet på Hafslo. Leirkar, skjoldbule, sverd og spyd er funne i den eine mannsgrava. På garden er det funne eit glasbeger og ein romersk sølvmunt noko som vitnar om kontaktar langt unna.*

### **Gamalt gardsanlegg på Rupheim**

*På Rupheim, Hafslo, kan ein finne restar etter eit gamalt gardsanlegg. Området ligg i den gras- og einerkledde bakken ovafor vegkrysset mellom Vetlestølsvegen og Rupheimsvegen. Her er registrert tre gravrøyser (rundrøyser) og sju rektangulære terrassar som kan vere hustufter. Ved sida av dette feltet er det registrert ei rundrøys og rett ovafor feltet er det to skålgroper på eit berg.*

*Tidleg på 40-talet var det noko utgraving i røysene utan at ein fann noko. Arkeologane trur at garden vart rydda i jernalderen og drive fram til midten av det 14. århundret.*

## **Vikingtid og mellomalder**

Dei tydelegaste spora vi har frå vikingtid og middelalder i kommunen er *stavkyrkja på Ornes og steinkyrkja i Dale*. Umes- kyrkja vert mest som eit bindeledd i historia mellom heidensk og kristen tid. Utskjeringar på kyrkja viser og ei "samanblanding" av heidenske og kristne symbol. *Steinkyrkja i Dale er frå 1200-talet og har ein flott klebersteinsportal og eit rikt interiør. Dei eldste kalkmåleria i kyrkja skal vere frå høgmellomalderen (Knagenhjelm, 1980)*

I den lågareliggjande delen av Jostedalen (ikring der gardane ligg i dag) kjenner ein ikkje til spor frå korkje steinalder, bronsealder eller frå jernalderen. Oppe i stølsdalane er det imidlertid nokre interessante funn.

### **Hustufter på Sæterhaug, Vetlestølsdalen, Fåberg**

*Om lag 2,5 km aust for Fåberg i Jostedalen ligg Sæterhaug. Her er registrert to hustufter, eit kve og truleg ein gangveg. Pollenanalyser og dateringar viser at det har vore drift her i tidleg mellomalder, rundt åra 900-1200. Hustuftene på Sæterhaug kan ha vore i drift som støl. Funn og målingar tyder på at det har vore ein regelmessig drift på Sæterhaug, men at det kan ha vore sesongvariasjonar. Det er gjort funn av ein liten kniv, eit bryne, ein skavkniv og brente beinfragmenter. Steinene som ligg i ring viser tydeleg omriss av tuftene og kveet (Randers og Kvamme 1992).*

## Forvaltning av kulturminne i Luster 1994-2001

Fleire funn frå stølsdalene i Jostedalen viser ein omfattande bruk av stølsområda. Ein trur difor at det og må ha vore fast gardsbusetnad i sjølve dalføret.

Frå skriftlege kjelder tidleg på 1300-talet, m.a. "Bjørgynjar Kalfskinn" reknar ein med at det var om lag 100 hushald i Luster og Hafslø, til saman 1000 innbyggjarar (Laberg 1926 a,b). For Jostedalen har ein ikkje gardstal, men kyrkja med tilhøyrande jordgods vert omtala. Dette tyder at det ikkje var folketomt i Jostedalen før svartedauden (Randers og Kvamme 1992).

Kor mykje folk som strauk med då svartedauden kom vinteren 1349-50 veit ein sjølv sagt ikkje. Men ein veit at mange gardar vart nedlagt og at det framleis på 1600-talet var så god plass at ein kunne flytte frå gard til gard på leit etter den beste staden å slå seg ned (Laberg 1926b).

## 5.2 Heilskapelege miljø, kulturminne og kulturlandskap

**Dei tala som star i parentes bak omtalen av nokre av bygningane er registreringsnummer frå kulturminneregistreringa SEFRAK.**

Nokre område i kommunen inneheld så mange interessante bygningar, vegar, kulturlandskap og natur at det er naturleg å omtale dei samla. I slike område vil det og inngå enkelte bygningar eller element som i seg sjølv ikkje er så interessante, men som utgjer ein viktig del av heilskapen. Avgrensinga av større miljø kan vere ein tettstad eller ein stølsdal.

*Solvorn og Skjolden er gode døme på heilskapelege miljø i kommunen. Desse vil ikkje bli omtala her fordi det er sett i gang ein reguleringsplanprosess der omsynet til heilskapen og kulturminna blir ivareteke. Nokre einskild-bygg frå desse stadene er omtala seinare*

### **Marifjøra**

*Marifjøra var truleg handels- og gjestgjevarstad alt frå tidleg på 1600-talet. I bygda var det "husgjevare" som hadde plikt til å ta imot ferdafolk. Frå 1700-talet vart dette meir formalisert og vi fekk gjestgjeveria som og hadde skjenkeløyve. Handelsplassen voks fram, og den låg omlag der kaia og handelshuset er i dag.*

*Knytt til handelsplassen vart det behov for folk som kunne ta på seg skyssoppdrag og anna. Desse folka, utan fast arbeid og utan jord, sette seg opp eit lite hus attmed handelsplassen. Slik fekk vi strandsitjarane som var av dei fattigaste i bygda. Som Laberg (1926) skriv: Det var "grib og aadsel", det var kamp om arbeidet.*

*Marifjøra var ein viktig handelsstad i Sogn. Bygdene som sokna til Marifjøra var Indre Hafslø, Gaupne, Nes og store deler av Jostedalen og Sørsida av Lustrafjorden. Det var fjorden som band folk saman. Heilt fram til etter siste krig var Marifjøra framleis ein aktiv handelsstad. Her var 5 brygger, 7 butikkar, 3 bakeri og 2 smier heilt fram på 50-talet.*



*Tørvis Fjord Hotel (203, 043) og butikken (203, 042) er i dag dei sentrale bygningane i Marifjøra. Kjernen i hotellbygget er det gamle gjestgjevarhuset frå 1600-talet. Butikken, annekset til hotellet er bygd på 1800-talet og er flytta frå Gaupne (SEFRAK-registeret).*

*Nausta og sjøbuene sto så tett nede ved sjøen at det var berre nokre få plassar det var mogleg å trekke opp båtar. Ei bolverksbrygge og ei sjøbu, Marheimsbua (203, 086) er att i dag. Sjøbua er lafta og kledd med liggjande panel på tre sider.*

*Sjølv om mykje av det tette handelstadmiljøet er forsvunne, har ein i Marifjøra framleis kjensle av eit tett og intimt miljø. Den store opne snu- og parkeringsplassen på kaia attmed handelshuset passar ikkje så lett inn i dette miljøet.*

### **Inste del av Dalsdalen i Luster**

*Det området som er omtala her strekker seg frå Tadlagjerdet og heilt inn dalen til og med Kilen. Her har frå gammalt av vore ein blanding av gardsbruk, stølar og husmannsplassar.*

*Dalsdalen er særprega ved at det er brukt mykje stein som byggjemateriale både i bygningar, vegar og i gjerde. I dalen har det vore fleire hellebrot. Hellesteinen vart i hovudsak nytta til taktekking, men og i grøfter, til gjerdestolp, til klopper og som hellegolv i skot og kjøken. Mest alle bygningar både i tun og utmark hadde helletak (Hovland 1988).*

*I dalbotnen og i dalsidene i Dalsdalen er det mange slåtteteigar. Dei fleste områda vert drivne med moderne driftsmetodar og graset vert hesja eller tørka flatt. I utkanten av dei intensivt nytta kulturengene finst det nokre slåttenger med eit rikt artsmangfald. I utmarka, langs gjerde og veg står det framleis ein del styingstre som viser spor etter lauing.*

*I Dalsdalen er det fleire sel der det berre er nytta stein som byggemateriale.*

### **Engjadalen, Gaupne**

*Skålgroper i Engjadalen viser teikn til aktivitet i denne dalen tilbake til bronsealderen. Dalen har vore og er eit viktig utmarksområde for gardane i Gaupne. Yst i dalen låg garden Aabyrgje som var ein velståande gard med mykje slåtteland. Engjadalen viser framleis den karakteristiske teigblandinga, der vi får langsgåande teigar på tvers av dalen heilt opp til fjells. Steingjerde mellom teigane og alle høyløene understrekar denne strukturen. Fleire av stølshusa er restaurert til hytter.*

*Noko av den tidlegare hagemarka er overflatedyrka og vert gjødsla og vert såleis meir intensivt nytta. Enger som i liten grad eller ikkje i det heile vert gjødsla og som samstundes vert slege etter frøsetting vil ofte gi urterike enger. Stadvis finst parti med urterike enger i Engjadalen (Hauge og Austad 1989).*

## Forvaltning av kulturminne i Luster 1994-2001

### 5.3 Karaktertrekk ved byggeskikken i Luster

Dei indre bygdene på Vestlandet har mykje av den same byggeskikken som austlandet. To hovudkonstruksjonar var vanleg i eldre tid: Laftverk og grind- / stavkonstruksjon og i tillegg bygging med stein. Laftverk vart truleg mest nytta ettersom det er tilgang på tømmer og laftverket ga tjukke vegger med god isolasjon. Mykje tyder på at grindkonstruksjon var den aller eldste byggeskikken (B.Gjerland). Dette er ei form for stavkonstruksjon der ein sette opp grunder på tvers av møneretningen. Grinda var samansett av to stavar som heldt beten som var ein horisontal stolpe som var felt ned i toppen av stavane (Gjærder, 1980). Grindkonstruksjonen var meir materialsparande enn laftverk og vart noko nytta i delar av bygningar som skota på sel. Utløer og låvebygningar var ofte i grindkonstruksjon og vi finn framleis spor etter desse i kommunen, m.a. på løe i Dalsdalen.

Stein var ein del nytta som byggjemateriale i fjellstrøk i Sogn. Murane kunne vere kompakte gråsteinsmurar eller kistemurar som er doble murar med eit isolerande lag av grus eller jord imellom. Gråsteinshus vart mykje bygd i siste halvdel av 1800-talet, truleg fordi vi då fekk utskifting med større trong for hus, og det vart vanlegare å bruke dynamitt.

Fram til på 1800-talet var det mest vanleg taktekket torv med never under. Helletak fekk i hovudsak utbreiing der gardane sjølv hadde hellebrot. *På Hafslo var det hellebrot ved stølane Fossen, Skogo og Ufsingane. I Dalsdalen i Luster var det og fleire hellebrot.* Ein måtte ha veløvde folk for å kunne klare å bryte heller. Heller brote på fjellet vart kjørt ned på slede på vinterføre. For ein 100 - 150 år sidan var det helletak på både stovehus og uthus på Hafslo (Bathen, 1983). Takpanner kom i fyrste halvdel av 1800-talet og da i hovudsak på store gardar (Gjærder, 1980). Skifer vart importert frå Voss og vart brukt frå slutten av forrige hundreåret. Bølgjeblekk vart importert til Noreg frå 1890 (Mork, 1994).

I førre hundreåret var husa stort sett umåla. Nokre stovehus kunne vere måla og fram til 1870-talet var fargane stort sett haldne i raudt, okergult eller i empirgrått som var mest vanleg på embetsmannsgardar (Gjærder, 1980).

### 5.4 Garden og gardshusa

#### *Tunskipnad, heile garden*

Det var ein forholdsvis stor folkeauke frå 1600-talet og i dei følgjande to hundreåra. Det vart større etterspurnad etter jorda og ei teigblanding vart viktig for at kvar eigar skulle ha ein part av ymse slags jord. Dette er kanskje viktigaste grunnen til at fleire gardsbruk vart lagt samla i klyngjetun eller rekkjetun. Stovehusa vart gjerne plassert samla inst i tunet og med uthusa ikring. Det var ikkje uvanleg at 4-5 gardbrukarar til saman hadde eit tun med 30-40 hus. Rønneid i Gaupne var eit klyngjetun før utskiftinga på 1870-talet, noko ein tydeleg kan sjå på Knud Knudsen sitt bilde frå 1872 (Mork, 1994). *Det nærmaste vi kjem eit klyngjetun i kommunen i dag må vere Nes på Veitastrond og Ottum i Luster.* Noko rekkjetun er ikkje kjent i kommunen.

Mest kvar av dei viktigaste verksemdene på garden hadde egne hus, og i tillegg hadde gjerne kvart dyreslag sitt hus. I tillegg kom utløer, sjøhus og stølshusa. Med utskiftinga i siste halvdel av 1800-talet fekk kvart gardsbruk sitt eige tun. Mot slutten av forrige hundreåret vart det difor bygd mange nye hus.

**Omtalen som følgjer er døme på representative og/eller særprega gardsmiljø i kommunen.**

***Ormelid i Fortunsdalen (102, 013-018)***

*Ein heilt unik høgdegard som ligg ovafor Fortunsdalen. Det er i alt 6 bygningar bygd før 1900 på Ormelid, og det er steinstove, kårstove, fjøs, tidlegare stabbur (no vedhus), stabbur og turkehus. I tillegg kjem det nye våningshuset frå 1928. Den eldste bygningen på garden er kårhuset frå 1700-talet (Øyane 1984). Dette er eit lafta hus i to høgder, som går saman med steinstova. Steinstova har over ein meter tjukke veggjar og vart truleg bygd rundt år 1800 av Sølffest Nilsson. Garden og husa er i bruk i dag. Det er viktig med eit framhald i drifta på garden for å unngå at engene og utmarka gror att. Det vart for nokre år sidan laga veg opp til Ormelid, og det er ein stadig straum av turistar opp dit. Brukarane av garden ynskjer ikkje at staden skal brukast i turistsamanheng.*

***Berge i Fortun (102, 134-136)***

*Stovehuset, skulestove og stabbur. Alle bygningar bygd på 1800-talet. Særmerkte detaljar på inngangspartia på stovehuset. Stovehus og skulebygning har hjørnepilastre med klassiske detaljar. Lite takutstikk og liggjande panel er døme på bygningar frå klassisismen (rundt århundreskiftet, 1700-1800). Fjøset og eldhuset ligg på nedsida av vegen. Gardshusa er ikkje i bruk i dag, men stovehuset blir halde vedlike og det er planar om å restaurere heile garden.*

***Skåri i Mørkrisdalen (101, 012-017)***

*Garden ligg til som ein høgdegard 200 meter over Mørkrisdalen. Garden har tre steinbygningar frå 1600-talet, ei stove, ei smie og eit fjøs. Dei andre bygningane på garden er "vetlestova", stovehus, turkestove/eldbus frå 1800-talet og eit bustadbus frå 1935. Med unnatak av bustadhuset ber dei andre husa preg av forfall. Eit eige lite hus er murt opp i utkanten av gardstunet for bruk i gluggejakt på rev. Det har ikkje vore busetnad på garden sida tidleg på 60-talet. No blir unge krefter sette inn med føremål å byggje opp att og drive garden, og det har vorte bygd bilveg opp til garden.*

***Kvåle, Luster (106, 025-027)***

*Dette gardstun er særmerkt fordi eldhus, drengestove og smalehus er i same bygning. Eldhuset/drengestova vart bygd i 1840 og smalehuset er bygd tidleg i dette hundreåret. Inntil denne bygningen igjen er det sett opp ein bygning som kallast for kontorbygget ettersom det fram til 1906 vart brukt som lensmannskontor. På same tunet står ei stove med halvvalma tak som framleis er i bruk.*

***Nedreli, "Garden", Garsgrendi, Myklemyr (304, 010-016)***

*Dette er eit døme på ein gard som framleis har mange av småhusa intakte sjølv om dei fleste har mista sitt opphavlege føremål. Mykje av det opprinnelege interiøret finst, og smia er truleg den einaste attverande i Jostedalen. Deler av stabburet er frå 1787, medan resten av bygningane er frå 1800-talet.*

***Solvi, Hafslø (208, 34-38)***

*Representativt for utskifta bruk, stove (ombygd til sveitserstil), låvebygning, vognhus, stabbur og eldhus.*

***Bustadhus, stovehus***

*Utviklinga av eldstaden står sentralt i endringa av bustadhusa opp gjennom tida. Dei to største endringane hadde ein frå open eld på åre til peis med pipe og vidare til jarnommen.*

## Forvaltning av kulturminne i Luster 1994-2001

Årestova er den eldste stova ein kjenner til, med ein open eldstad midt i rommet og med ljore i taket (hol i taket) der røyken slapp ut. Denne stovetypen vart på Vestlandet skifta ut med røykonnstova eller røykstova på 1600 og 1700-talet. Røykonnmen var mura opp inntil veggjen, og det vart lagt tregolv. Røyken vart framleis trekt ut gjennom ei ljore i taket. Røykstova heldt seg i bruk på Vestlandet til fyrste delen av 1800-talet. I røykstovene kunne det vere halvlem eller hems over døra på gavlveggen. Hemsjen vart nytta som soveplass for borna. Overgangen til peis og pipe kom fyrst til indre strøk på slutten av 1700-talet. Pipa førte til eit viktig skilje i utviklinga av huset, ettersom ein no ikkje hadde røyken inne i stova og ein kunne leggje lem over heile rommet. Samstundes vart og glas meir vanleg. Dei fyrste omnane var mura opp inne i gruva, før støypejarnsomnen kom på 1860-talet. Stovehuset fekk fleire rom med sin spesielle bruk. og det vart murt opp kjellar (Gjærder, 1980)

På 1880-talet kom påverknadene frå sveitserstilen og dominerte byggeskikken i ein del år framover. Husa fekk utoverhengande tak, ark med veranda og gjerne trapp opp frå hagen. Sperrer, åsender og bordkledningen var profilert og det kom utskjæringar i mønene, rundt vindua og dørene. Rundt hundreårsskiftet var jugendstilen i nokon grad utbreidd og eitt karaktertrekk ved denne stilarten er mansardtak, dvs. tak som går mest loddrett nedover øvste del av veggene. Ut på 1920-talet kom reaksjonen på all den utanlandske påverknaden i byggeskikk. Husa frå denne perioden har stilomtalen nyklassisme, der grunnplanet er kvadratisk, hus i ein og ei halv etasje, ark på framsida og bratte tak, gjerne med svai.

På slutten av mellomkrigsåra tek reisverkshusa over etter tømmerhusa. Den nye retningjen er funksjonalistisk, som er karakterisert med det funksjonalistiske der ein har gått heilt bort frå utskjæringar og anna utsmykking av husa. Taket er gjerne heilvalma og vindua er tofags eller trefags utan sprosser.

Etter krigen er det mykje gjenreising og ein sterk utviklingsoptimisme. Det vart mogleg å få husbankfinansiering til bygginga og det vart bygd nøyseme og enkle bygg. Husbankens typeteikningar vart nytta og vi får små 1 1/2 etg. hus med ein tilnærma kvadratisk form. Vindauga var oftast med to fag. Nye materiale som eternitt kom på denne tida. Husa vart gjerne mala i sterke fargar.

### **Døme på særmerkte og/eller representative stovehus/ bustadhus i kommunen:**

#### ***Stovehuset "Torstova" på Opptun gard (102,132)***

*Opptun er den øvste garden før Sognefjellet, og vegen gjekk før rett igjennom tunet. Her vart difor ein naturleg skysstasjon for farandes folk som kom over fjellet frå Bøverdalen og for dei som var på veg austover.*

*Torstova er truleg sett opp på 1600-talet, og ho har stort sett vore uendra. (Øyane 1984). Bygningen er på 2 etasjar, og er i laftetømmer. Begge langsidene er bordkledde og taket er hellelagt. Ei utvendig trapp vart sett opp i samband med kongeleg vitjing av kronprins Carl XV. Etter denne vitjinga har eit av romma i 2. etg fått namnet "Prinsesal". Det har vore fast busetnad på garden fram til 1920, etter den tid berre sporadisk busetting*

#### ***Stovehus, Marifjøra (203, 084)***

*Stovehuset er truleg frå tidleg på 1800-talet. Huset er i god stand. Tradisjonelt tredelt plan med stove, kammers og kjøkken. Spesiell loftsløysing med utvendig tilkomst. Stova har truleg vore tingstove.*



**Bustadhus på Fladhammar gard, Luster (110,034)**

Huset er oppført i ca. 1760 og vart freda på midten av 60-talet. I andre etasje er det store veggmåleri i landskapsmotiv og andre med rosemaling.

**Steinstove, "Nærefåberg", Fåberg (301,013)**

Bustadhus frå 1809 som er bygd i stein. Huset vart påbygd i høgda i 1890. Fast bustad fram til om lag 1980. I ein periode var det arrest i huset.

Ei historie knytt til huset fortel om to brødre som kom frå Myklemyr i Jostedalen. Den eine broren kom til Fåberg og den andre til Krundalen. Dei inngjekk eit veddemål om kven som kunne bygge det tyngste huset. Huset på Kruna i Krundalen er eit stort tømmerhus.

**Bustadbus, Kruna i Krundalen (302,010)**

Eit stort tømmerhus som truleg er bygd i 1806. Utvendige mål på huset er 6 x 14 meter. Huset er no i bruk som sommarsbustad. Tre vegger er utvendig kledd med liggjande bord. Tømmeret som er brukt i bygget er øksa. Vindauga er tradisjonelle krysspøstvindauga med 6 glas, også kalla 4-ramsvindauga. Dette er tradisjonelle vindauga frå starten av 1800-talet og framover som stilmessig korresponderer med empire / seinempire.

## Eldbus og smie

Eldhuset var som regel lafta eller murt opp her i indre strøk. Det var eit rom og grua var dominerande. Huset var grovkjøkkenet på garden med baking og brygging, men og vasking av klede. Huset sto som regel for seg sjølv eit stykkje utafør tunet på grunn av brannfaren og det kunne vere bygd saman med smia. Det er og registrert samanbygging med bustadhus og med fjøs. Når eldhuset var samanbygd med eit steinfjøs, vart det kalla lute (Trygve Skjolden). Det er registrert 34 eldhus og 25 smier i kommunen. Dei fleste eldhusa som er registrert er frå Nes og innover. I Jostedalen er det berre registret eitt eldhus. Registreringane av smier er litt meir fordelt, men berre tre er frå området til gamle Hafslø kommune.

**Døme på eldhus og smie i kommunen:**

**Eldbus (tidl. bryggeri/brenneri) Åsen i Luster (107, 193)**

Oppmura av stein i ein bakkehelling. Bygd tidleg på 1 700-talet

**Smie, Feigum (112,02)**

Smia vart bygd i år 1890. Ho er i lafta plank og det er helletekt tak. Mykje av det opprinnelege utstyret som vart nytta i smia er framleis i bygningen. Det har dei siste åra vore eit omfattande restaureringsarbeid med smia.

## Løe, fjøs og stall

Tidlegare var det mest vanleg med eige hus til foret og eige hus til kvart av dyreslaga. Det kunne og vere ulike løer til ulikt for, t.d. lauvløe. På Berget (Jostedalen) er geitefjøsset bygd saman med lauvløa. Under påverknad av dei landbruksøkonomiske selskapa på 1850-talet vart det meir vanleg å ha fleire av desse romma samla under eit tak. Heile bygningen var som regel lafta og gjerne på ein kraftig mur. Fleire løemurar har bølgeforma opningar eller dører bygd etter brubyggjarprinsippet.



## Forvaltning av kulturminne i Luster 1994-2001

Andre funksjonar som gjeme vart knytt til løa og fjøsbygningen var vedhuset og doet eller vetlehuset

### Døme på særmerkte Fjøsbygningar i kommunen:

#### ***Fjøs, Alsmo, Gaupne (306,019)***

*Denne store steinfjøs er i frå om lag 1750. Fjøsset er eit imponerande byggverk i naturstein, med ei stor kraftig trapp i stein som går opp langs eine tverrsida opp til høyloftet. Både møkakjellar og fjøsset er bygd av stein. Møkahusopninga er murt opp i ein sjølvberande kvelving. Heile bygget er i god stand. Fjøsset vart i mange år nytta som smala fjøs, men etter 1975 har ikkje fjøsset vore i bruk.*

#### ***Fjøs, Øyane, Fortun (102,101)***

*Fjøs sett opp i midten av forrige århundre. Fjøsset har saltak med konvekse bogeflater (bogetak). Taktekkingsmaterialet er bølgeblikklater. Ein kjenner ikkje til liknande konstruksjon på fjøs i kommunen.*

#### ***Driftsbygning, Dalsøren, Luster***

*Denne store driftsbygningen er 37 meter lang og 15 meter brei. Grunnmuren er murt opp av store steinblokker som er teke ut frå eit mykje nytta steinbrot innafor Ottum. Det store helletaket er det mest iaugefallande på bygningen. Dei største hellene er over 1 x 1 meter og alle hellene er tilhogde og lagt i mønster. Hellene kjem frå eit hellebrot i Dalsdalen. Bygningen stod ferdig i 1907.*

## Stabbur

Stabburet var fyrst og fremst eit matbur for korn, mjøl, fleisk og flatbrød. Stabbene er anten hogde i tre eller det er steinstabbur. Øvst er det ein krage for å hindre mus og rotter i å kome inn. Stabbura er som regel i ei høgde og tømra. Dei ulike typar stabbur er gjerne:

- 1. Eit tømra rom med inngangsdør i gavlen*
- 2. Eit tømra rom med eit rom i reisverk, med dør i mellom og inngangsdør i gavlen*
- 3. To tømra rom utan dør i mellom og med inngang i gavlveggen al det eine rommet og på langsida ul det andre.*
- 4. To tømra rom med inngangsdører på langveggen*
- 5. Tømra rom med eitt eller to sidesval*

Det er registrert 185 stabbur bygd før år 1900 i kommunen. Mange av desse er tekne vare på og dei har fått ein ny bruk på garden

### Døme på gamle stabbur i kommunen:

#### ***Stabbur, Skagen, Fortun (102,022)***

*Stabbur sett opp i 1743 slik det står avmerkt på tømmeret. Taket er tekt med store heller.*

***Stabbur, Ottum, Luster (106,020)*** *Stabbur på Ottum sett opp mellom 1650-60 (SEFRAK-registeret). To rom, svære steinheller, delvis innkledd, steinpilarer under. Taket er dårleg og steinpilarane har begynt å gi etter.*

## Jordkjellar / potetkjellar



Slike kjellarar var ofte grave inn i bakken og det var murte vegger ytterst. Slik kunne ein nytte godt av jordvarmen og hindre at potetar og grønsaker fraus på kalde vintre og ein sval stad til grønsakene sommartid. Det er registrert i underkant av 40 jordkjellarar i kommunen. Alle desse registreringane er gjort i Jostedalen eller på Hafslø. Innafor Nes er det ikkje registrert jordkjellarar i det heile.

### *Turkehuset*

Turkehuset eller turkestova er som regel eit rom som er lafta eller mura opp. Huset inneheld stort sett berre ein steinomn og “hyller” eller hjeller i inste deler av rommet. Her vart korn og malt lagt til tørking. Likt med eldhuset og smia, ligg og tørkehuset eller kylnene som dei og er kalla, eit stykkje i frå tunet. 16 turkehus er registrert i kommunen, men fleire av desse er i dårleg stand.

#### *Turkestove, Svabogarden, Nes (III, 37)*

*Turkestova ligg saman med smia eit godt stykkje frå tunet. Bygningen er eit bordkledd laftverk som står på ein oppfylt tørrmur. Det er torvtak på turkestova, men dette har store hol og skader.*

### *Utløer*

Dei fleste gardane hadde ei mengd med utløer som var sette opp der slåtteteigen (gjer-det) låg. Slåtteteigane kunne ligge uvegsomt til i fjellet og i dalsidene ettersom det vart slege gras alle moglege og “umoglege” stader. Løypestreng vart difor ein del nytta for å få foret heim, men i hovudsak vart graset frakta til gards vinterstid på slede. Utløene vert i liten grad nytta i dag slik som tidlegare, men dei står framleis mange stader i kommunen og fortel om tidlegare jordbruksformer. *Fleire stader som t. d. i Engjadalen og langt heim i Mørkridsdalen utgjør utløene ein viktig del av landskapsbiletet.*

### *Stølsbygningar*

Gardane hadde ofte fleire *stølar*, heimestøl (vårstøl) og fjellstøl (sommarstøl). Det var heller ikkje uvanleg å ha ein støl til (midtstøl). Om vi tel etter på kartet kjem vi opp i om lag 150 stølsområde i kommunen. Dei fleste av desse stølsområda ligg i fjellområdet. Gjennom kulturminne-registreringa (SEFRAK-registeret), der alle bygningar før år 1900 er registrert, er det i underkant av 300 stølshus i kommunen. I denne registreringa er i liten grad tufter etter bygningane med.

Stølen har som regel ein plassering som var tilpassa den bruken som stølen hadde, med vasstilgang, noko skog for uttak av ved og gode beitetilhøve i nærleiken. Fjellstølen låg ofte fritt til med god utsikt for å kunne ha eit auge med buskapen og rovdyr. Fjellområda var allmenning og i stølsområda låg ofte bygningane forholdsvis tett samla. Nokre stader var det mindre gjerde kring kvar støl med grasslått. *Døme på stølsområde (stølsanlegg) i kommunen som har mykje av det opprinnelege stølspreget er Simosete på Hafslø, Flatningane ved Gaupne, Vassdalen i Jostedalen, Eldedalen på Veitastrond, Fåbergstølen i Jostedalen, Bolstaddalen, Stølane attmed Asetevatnet ovafor Skjolden.*

## Forvaltning av kulturminne i Luster 1994-2001

Selet er den vanlegaste bygningen på stølen men det kunne og vere fjøs. Den vanlegaste typen sel har to rom, innsel og utsel (skotet). I skotet var det gruve for ystekjelen, og separatoren vart plassert i dette rommet når han vart teken i bruk. I sjølve selet var det seng, bord, hyller og ein omn. Innselet er oftast i laftverk, medan skotet er i reisverk. Mange stader i Luster ser vi at ein eller fleire av veggane i selet, eller heile selet er bygd opp av stein. *Døme på steinsel i kommunen finn vi m.a. i Dalsdalen i Luster, på Fast ved Åsetevatnet og på Nosi i Krokadalen.*

Fjøset på stølen var som gardafjøset ofte bygd av stein. Ein samanbygning av selet og fjøset er ikkje uvanleg, der selet er bygd over fjøsen, *t.d. Venåsen ved Gaupne.*

### *Fjellgarden /stølen, Vormeli*

*Plassen Vormeli vart rydda som gardsbruk i 1780 og var i drift som det fram til emigrasjon til Amerika i 1867. Frå den tid vart staden driven som støl, og selet som har blitt restaurert vart da oppført. Dette selet vart restaurert på midten av 70-talet etter 30 år utan vedlikehald.*

### *Naust og sjøhus*

Dei gardane eller stølane som hadde tilgjenge til sjø eller eit større fjellvatn hadde og naust. *Nausta kunne liggje samla, der det var trangt om plassen, slik som i Solvorn, på Ornes og på Osen ved Åsetevatnet, eller meir spreidd slik vi ser langs store deler av Lustrafjorden.* Stein vart ofte nytta som byggjemateriale i sideveggane, medan gavlveggane var bordkledde. I kommunen er det registrert om lag 60 naust bygd før år 1900.

### *Torvhus*

Torvhusa er enkle hus for lagring av torv som skulle brukast til brensel eller for å drøye møka til gjødsel. Å spa torv var mest vanleg utved kysten der det var sparsamt med brenneved. Men det vart og spadd torv her i kommunen og da spesielt inst i kommunen. *Ein kjenner til at det vart spadd torv ved Åsetevatnet, på stølane ovafor Hafslø og på Turtagrø. På Heggmyrane var det før krigen uttak av torv både til stølsbruk og til heimebruk. Det vart sett opp enkle hus til tørking av torva og på Heggmyrane var det i alt 10-12 hus. (Teodor Finstad). På og ved Turtagrø er truleg einaste staden vi finn torvhus i kommunen i dag.*

### *Tobakkshus*

Tobakksdyrking vart teke opp att på Vestlandet og spesielt i Indre Sogn i 1880-åra. Dei gardbrukarane som dyrka mest tobakk sette opp egne turkehus, gjerne plassert i utkanten av åkeren. Tobakkshus er høge, som ein toetasjes bygning, for å kunne henge opp fleire planter over kvarandre. Husa er bygd i stavverk og med ein glisen bordkledning for tørkinga. Det var og mogleg å vende borda slik at ein fekk enno betre gjennomlufting. I Luster er det berre nokre få tobakkshus att, og fleire av desse har hatt noko ombygging og har i dag ein ny bruk. *Dei tobakkshusa som er att i kommunen og som framleis har mykje av den opprinnelege utsjånaden er tobakkshuset som høyrer til garden Tandle i Gaupne, to tobakkshus i Solvorn (202, 144, 147), eit tobakkshus i Marifjøra, eit på Sørheim som høyrer til Lerum (113, 049), eit i Luster og eit i Fortun på Holmestad.*

## 5.5 Ferdsel og handel



### *Vegar*

«Ein kan mest segja at vegane gjorde seg sjølve i gamall tid» (Laberg 1926a) Vegane ein trengte var til sjøen for å laste det ein ville ha til byen for å selje, og vegar mellom gardane. Fram til 1800-talet var det berre kløvvegar i kommunen. Vegane til sjøen på Ytre-Hafslo gjekk frå Galden og ned til Solvorn. Her var det ikkje lett å kome fram, noko ein kan forstå ettersom vegen har vore omlagt minst fire gonger. Frå Indre-Hafslo gjekk vegen ned til Marifjøra. Mellom indre- og ytrebygdi var vegen knytt saman mellom Veo og Hillestad. Frå ytre-bygdi var det kløvveg vidare over Okleviki til Årøy. Alle desse vegane vart utvida og kunne seinare køyrast med hest og kjerre. I dag er det framleis mogleg å følgje store deler av *kongevegen* som vegen mellom Årøy og Marifjøra vart kalla. Dette er ein strekning på om lag 15 km, og berre nokre stader er gamlevegen samanfallande med noverande riksveg. Einskilde stader på denne strekningen er vegen attgrodd eller arrondert til jordbruk.

Tilkomsten frå Hafslo til Veitastrond i gamal tid var med båt gjennom *Soget*. På grunn av straumen mellom Hafslovatnet og Veitastrondsvatnet var det ikkje mogleg å ro båtane gjennom dette partiet. På denne strekningen er det loddrette fjellveggar på begge sider av elva. For å klare å dra (leie) båten gjennom straumen vart det difor bygd ut ei hylle langs den eine fjellsida der ein kunne gå og dra båten oppover straumen. Rester etter denne “hylla” ser ein framleis.

Jostedalen hadde ferdsel over breen til Nordfjord og over Handspikje til Skjåk. Om dei skulle til Marifjøra gjekk vegen over *Haukåsgjelet*, og om dei skulle til fjorden var det i tidlegare tider vanlegast å gå via Vigdalen og Dalsdalen til Luster (*Bispevegen*). Etter dei to sistnemnde vegane finst det tydelege spor. Bispevegen vart aldri noko meir enn ein kløvveg, medan vegen over Haukåsgjelet er brei og var køyrande med kjerre. Vegen vert fleire stader kalla “-galden” fordi han er murt opp der terrenget er bratt. Ferdselen over breen og fjellet tok i hovudsak slutt med driftetraffikken på 20-talet.

Over *Sognefjellet* var det fleire ferdselsvegar. Vegen visast att fleire stader med murar og varder. Frå Ormelid i Fortunsdalen gjekk det og veg over fjellet. Her ser ein att fleire store vardar.

Utover dette var det stølsvegar og mindre vegar mellom gardane. Fjorden var viktigaste kommunikasjonsåre, men det gjekk likevel ein veg gjennom *Ørneskaret* mellom Luster og Skjolden.

Offentlege embetsmenn hadde krav på fri skyss når dei var ute på reise. Det var bøndene si oppgåve å skyss på “storfolket” og det gjekk på rundgang mellom dei.

### *Handel*

Ferdsel og handel utvikla seg, det vart behov for fleire overnattingsplassar, og handelsstadene voks fram. I kommunen er det framleis mange spor etter skysstasjonane, gjestgivergardane og handelshusa.

*Det var skysstasjon på gjestgivergarden i Solvorn, Marifjøra og Hillestad. Elles har det vore skysstasjon på Øyene (Fortun), Opptun, Rønneid, Alsmo, Jostedalsbrædens Turiststasjon? Kroken hotell (Elvekrok) og Kronen.* Fleire av gjestgiveria er omgjorde til hotell (sjå pkt. 5.8)

#### **Døme på nokre handelshus i kommunen:**

*Dampskipskai, handelshus og gjestgiveri, Døsen (109,029)*

## Forvaltning av kulturminne i Luster 1994-2001

*Døsen var ein av dei viktige handelsstadane i Luster frå gamalt av. Gjestegiveriet vart sett opp i siste halvdel av 1700-talet (Øyane, 1986). Huset vart ombygd i ca. 1880-90 til sveitserstil. Bygget vert no brukt til bustad og litt til losji. På Døsen var det tidlegare handelsstad med dampskipskai, ekspedisjon og butikk. Hit kom tuberkulosepasientane som var på veg til Luster Sanatorium på Harastølen.*

### **Kaihus og handelshus, Skjolden (104,023,050,033)**

*Kaihuset var butikk, dampskipsekspedisjon og bustadbus, og er bygd i fyrste halvdel av 1800-talet. Huset er ein stor bordkledd tømmerbygning med teglstein til taktekkning. Om bygningen skal reddast må det gjerast noko med taket straks.*

*På Skjolden ligg det to butikkar til frå 1800-talet, Foreningen (Forthun Handelsforening) som truleg er frå Ekservollen og Halvardbui som er bygd i 1857 (Johannes Hauge).*

### **Kvalsøren, Ekservollen, Luster (108,001-005)**

*To store bygningar, eit var tidlegare militærmesse, seinare butikk og bustadhus. Det andre var bustadhus, no sommarhus. Vidare er det på eigedomen, saueffjøs, vognhus og ei gamal stove kalla Guristova. Framfor bygningane er det ein stor allmenning. Denne opne plassen vert i dag ikkje nytta til noko spesielt. Nede ved fjorden ligg ei flott sjøbu med helletak som høyrer til anlegget.*

## Drifting

Driftetraffikken var ein spesiell form for handel for ein del i kommunen i forrige hundreåret. Frå Jostedalen drog driftekarar på ski over breen til Nordfjord på etterjuls-vinteren. I Nordfjord drog dei rundt i bygdene og kjøpte fe. Ved jonsok var det tid for å føre dyra over breen. Den vanlegaste vegen frå Nordfjord var opp Erdalsbreen, ned Lodalsbreen og ut Stordalen til Fåbergstølen. Dei gjekk helst om natta over breen for å få best snø og sjølve breturen tok 10-12 timar om dei ikkje vart overraska av dårleg ver. Det kunne vere ein strabasjøs tur for kyrne, på snøen og blåisen utan fôr. For å kome ned Lodalsbrekka vart beina på kyrne bundne saman og dyra vart sendt utfor skaren. På Fåbergstølen fekk dyra gjerne gå nokre dagar på beite for å kome seg att etter turen (Faaberg, 1989).

Nedover Jostedalen var det allmenningar der driftene kunne beite. Desse var ved Elvekrok, ved Olberg i Merkjeshola, i Leirmo - Bjørnsøye og ved Marifjøra. Det er få spor å finne i terrenget etter denne verksemda, men heilt fremst i Jostedalen er det murar etter ei gjetarhytte.

### **Vivahytta**

*Gjeterhytta på Viva vart nytta i samband med drifting av småfe frå austlandet over Handspiki til Jostedalen. Steinbui vart mura opp i 1907, og det var gjetarar her heilt fram til 1939.*

Frå Marifjøra gjekk driftene i båt til Lærdal og vidare over fjellet, og nokre truleg heilt til Drammen. Ein reknar med at denne form for handel tok slutt på 20-talet.

Sognefjellet vart og kryssa med drifter og her kunne driftekarane kvile i *steinbua attmed Hervavatnet.*

## 5.6 Handverk, småindustri og bergverksdrift



### *Handverk og småindustri*

Det vart gjort mykje handverk rundt om i bygdene, men det var i hovudsak berre til eige bruk på garden. I 1860 hadde ingen i Luster handverk som eige yrke (Årbok for Sogn historielag, 1952). Sjølv om ingen levde av å vere handverkar, var det likevel krav om kva ein skulle gjere, og i ytre Sogn meinte ein at “Den kar som ikkje kunde gjera skorne sine, var ikkje giftande”.

Det handverket som enkelte spesialiserte seg på, var som treskomakar, murar, slaktar, bakar, snikkar, målar, klokkemakar, smed og garvar (Årbok for Sogn historielag 1952).

På slutten av 1700-talet vart det truleg starta opp eit teglverk på Sviggo (Indre-Hafslo). Det vart laga murstein og takpanner. Takpannene var breide og flate og av høg kvalitet. Teglverket skal ha stått på ein plass som heiter Bjørkøy, nedafor Furehaug som no er grustak (Bathen,1983).

Iseksport var mest å sjå på som ein industri på slutten av forrige århundre. I alt vart det i 1884 eksportert 558.000 tonn is frå heile landet (Dyrhaug, 1984) I Skjolden vart det skore is i Eidsvatnet som vart skipa ut på våren. Det var eit eige hus som isen vart lagra i, og dette vart kalla ishuset. Ishuset stod der den gamle bensinstasjonen ligg, og det var ein stor bygning på om lag 100 x 30 meter. Det gjekk vassrenne som isen vart frakta på frå Eidsvatnet og frå ishuset gjekk det vassrenne til kaia for utskiping (Johannes Hauge).

Skalegarden på Hillestad vart i 1854 kjøpt av Peder Sten som starta opp med fargereri. Han hadde vore i lære hos Hans Feigum (årbok'52). *I Marifjøra står “fargarhuset” som var i bruk på slutten av 40-åra. Her vart det laga farger som vart selde over heile landet (Nils Hunshammar).* Ved Flahamar i Luster var det både stampe og fargereri til utpå 40-talet. Det er ikkje spor etter dette i dag.

“Safthuset” frå 1909 på garden Leri på Sørheim var starten på saft- og syltetøy-fabrikken Lerumgruppen A/S (Figenbaum 1992). På Drægni i Skjolden var det og saftproduksjon, men bygningen knytt til denne verksemda er rive.

Utafor Solvorn, mot Mosaviki var det tønnefabrikk. Bygningen står og utstyret og reiskapen som høyrer til vert teke vare på.

I 1874 vart det sett i gang meieri i eige meieribygge på Hafslo. Saman med meieriet i Vik var desse dei fyrste meieria i fylket. I 1888 kom meieribygget på Døsen, Lyster meieri. Rundt hundreårsskiftet dukka det opp mange meieri, Jostedal meieri på Myklemyr (1899), Rønneid meieri, Gaupne (1903), Marifjøra meieri (1902) og Veitastrand ysteri (mest berre geitostkoking). Dei aller fleste meieria hadde ei kort levetid. Av desse meieribygningane finst Lyster meieri lagra på Sogn Folkemuseum (Sogn og Fjordane Meierilag 1974).

### *Bergverksdrift*

#### *Bergverksdrift i Kinsedal*

## Forvaltning av kulturminne i Luster 1994-2001

*I Kinsedal finn vi spor etter uttaket av bergarten labradoritt som fann stad på 40-talet. Det var selskapet Nordisk Lettmetall som starta uttak her i 1942 for å utvinne aluminium frå labradoritt steinen. Bakgrunnen for dette arbeidet var råstoffmangel for smelteindustrien under krigen (Jens Petter Hansen, Norsk Hydro)*

*Dagbrotet låg i ein 450 meters høgde og frå kaia vart det laga to skinnegåande banar, ein for transport av stein og ein for transport av arbeidsfolk. Det vart bygd opp ei 100 meter lang utskipingskai som var den største i fylket på den tida (Tønnesen, 19xx).*

*Sprengningsarbeidet foregjeikk med dynamitt og steinen herifrå vart frakta til ei sjakt (kalla silo) med knuseri. Denne romma 1000 tonn sprengt stein. Herifrå vart steinen frakta i vogner på skinner ned til kaia der steinen vart automatisk tippa i store oppsamlingssjakter (silolar) i fjellet. Herifrå gjeikk steinmassane på transportband til båtar ved kaia (Leidulf Wangelsten)*

*På det meste var det 200 arbeidarar på dette anlegget som var i drift fram til 1945. Grunnen til at det tok slutt er m.a. kvaliteten på steinen som dei etter kvart fann ut var ubrukbar og at hovudmottaket, aluminium-oxid-fabrikken på Herøya vart bomba.*

*Dei spora vi har att i dag frå denne verksemda er kaia og sjaktene (silolar) og tunnelane (stollere).*

### **Bergverksdrift, Gruvefjellet**

*På toppen av Gruvefjellet, som er grensefjell mellom Årdal og Luster, finn vi spor etter bergverksdrift. I år 1700 vart det funne malm her og to store gruver og etter kvart fleire mindre gruver og skjerp vart bygd her (Johannessen, 1983). Gotts Gabe Gruve og Kongens Gruve ligg på toppen av Gruvefjell, 1510 moh. Frå desse gruvene vart bergarten "lazuretz" teke ut. Han inneheld dei kopparhaldige minerala bornitt og kopparglans. Attmed desse gruvene vart det reist eit stort tømmerhus som bustad til arbeidarane. Fyrste omfaret av dette huset finst framleis. Om lag 1,3 km sydvest for toppen av Gruvefjell, i 1400 meters høgde, låg St. Oles skjerp (oppkalla etter Ole Olsen Nordfjord). Frå denne plassen vart det i tillegg til lazuretz teke ut gul kopparkis. Her vart det og bygd eit hus. Gruvene trengte smier og ettersom det var vanskeleg å ta seg fram mellom gruvene vinterstid, vart det bygd smier ved kvar gruve.*

*Det var fleire gruver på Årdalsida og det var Årdal Kobberverk som overtok gruvene. I Gruvefjellsområdet vart gravedrifta innstilt i 1723 etter at ein ikkje fann ho lønsam lenger (Johannessen, 1983).*

## 5.7 Turisme



Dei fyrste turistane måtte ta seg fram på “lykke og fromme”. På midten av 1800-talet vart fylkesbåtane stifta, og det vart sett opp faste avgangar til og frå Bergen. Skyss-stasjonane og gjestgjevarhusa utvikla seg til hotell der dei låg strategisk til på stader det var naturleg å stoppe for å skifte framkomstmiddel (Knagenhjelm 1980). *Dette gjaldt for Skjolden hotell, Tørvis hotell i Marifjøra og Walaker hotell i Solvorn.*

Fotturistane var ei eiga gruppe turistar som kom for å vandre og klatra i fjella. Før hotella og turiststasjonane kom, tok dei seg inn på stølane i fjellet.

### **Oversikt over gamle hotell i kommunen som framleis er i drift eller der bygningen framleis står:**

#### ***Turtagrø hotell (102,019, 124)***

*Hotellet vart opna i 1888. Det var då to hotell på Turtagrø, noko som viser kor stort fjellvandrar- og tindesportmiljøet var på den tida. Hotellet er bygd i sveitserstil med eit langt takutspring og rike dekorasjonar. Bygningen attmed, som vert kalla annekset, har ein flott utbygd veranda med utskjæringar som er prefabrikkert i Bergen.*

#### ***Walaker hotell, (202,100,101)***

*Walaker hotell er gjestgjevargarden i “smørauge når det gjeld kulturminne”. Frå rundt 1700 var det gjestgjevarstad og fast tingstad. Frå 1870 var det fast skysstasjon på Walaker. Våningshuset vart pietetsfullt ombygd i 1934 av arkitekt Johan Lindstrøm.*

#### ***Hotellet i Elvekrok***

*Hotellet er bygd rundt 1910-20 og var i bruk fram til 1950. Det offisielle namnet er Jostedalsbrædens Turiststasjon.*

#### ***Tørvis Fjord hotell, Marifjøra (203, 043)***

*Kjernen i hotellbygget er det gamle gjestgjevarhuset frå 1600-talet*

## 5.8 Vasskraft

Vasskrafta vart brukt i det gamle bondesamfunnet fram til hundreårsskiftet. Vasshjulet vart i hovudsak brukt til å drive treskjemaskin, kvernkall og vassag. *Kvernhusa* var ofte små tømra bygningar og det kunne ligge fleire etter kvarandre langs bekken. Frå måleriet Flintoe lagde av Feigum på midten av 1800-talet ser vi fleire kvernhus oppover elva. Dei fleste gardane hadde eigne kvernhus og dei hadde ei enkel innreiing med sloke og kvernkall, over- og understein, teine og mjølkiste. Fleire stader var ikkje vassføringa større enn at ein måtte vente på flaumvatnet for å få malt kornet.

Nokre stader var det *bygdemøller*. Her var nok arbeid med leigemaling for korndyrka-rane til at det utgjorde ein eigen arbeidsplass. Til saman er det registrert 13 kvernhus og møller i kommunen.

Den eldste vassdrivne saga var oppgangsgaga. Desse kom alt på 1600-talet på austlandet. Truleg kom dei noko seinare til Vestlandet.

På slutten av 1800-talet starta ein opp med å vinne ut elektrisk kraft frå elvevatnet. Det var bygd ut noko privat, men krava om kapital og teknisk kunnskap gjorde at ein gjekk saman og danna bygdekraftverk. Fyrst i Sogn og Fjordane var Lyster Sanatorium. Dette starta



## Forvaltning av kulturminne i Luster 1994-2001

opp i 1898 og stod ferdig i 1901/02. Det vart bygd kraftstasjon, laga inntaksdam på Røsete og reguleringsmagasin i Hellesetvatnet. Krafta var berre til eige forsyning og til taubana. I 1915 vart kraftverket bygd ut for å gi straum ( i hovudsak lys) til Gaupne og Skjolden. Av private kraftverk var Sølfest Skage tidleg ute da han i 1918 bygde privat kraftverk i Skageelvi på Skagen i Fortun til eige bruk. Her fekk han ut 5kW, 110 volt likestrøm. Olav Listou frå Dale kom etter i 1922 og bygde eit privat kraftverk i Kolstadelva (Sandal, 1989). I 1946 bygde Lars A. Bakken frå Jostedalen eit lite kraftverk i Sagerøyelvi. Det vart kjøpt brukt materiale frå fleire stader og frå kraftverket fekk han ut 8,1 kW, 190 volt likestraum (Jostedal skule og bygdeavis 1987).

I 1918/19 var det satsing på stålproduksjon i Fortun, og Sogn Elektrostålverk bygde kraftverk, men bedrifta kom aldri skikkeleg i gang, og i 1920 var det nedlagd.

*Av eldre kraftverk er det berre kraftverket i Døsenelva, og restar av kraftverket Sagerøy som er att i dag.*

### **Mølle, sag og smie i Feigum**

*Mølla vart bygd i 1883, og det sto ei mølle på same stad tidlegare. Interiøret i mølla er opprinneleg, og det er tre kvernsteiner i mølla. På loftet i bygningen var det fegianismen vart stifta.. Mølla var i drift til etter siste verdskrigen. Dei tok i mot korn frå Kinsedal, Urnes, Kroken, Luster, Nes, Eikum og Gaupne. Oppover langs bekken sto det tidlegare fleire små møller. Feigumfossen og miljøet i Feigum er motiv på fleire av J.C.Dahl sine bilde.*

*Smia vart bygd ca. år 1900. Ho er lafta av plank og har svære villskiferheller som taktekking. Mykje av det opprinnelege utstyret som vart nytta i smia er framleis i bygningen.*

*Saga starta som oppgangssag på 1770-talet. Oppgangssaga finst framleis lagra i delar. Bygget som står i dag er i frå 1926-27, og huser ei stor og ei lita sirkelsag. Bygningen er delvis ope, og delvis panelt med ståande bord. Ytterveggene er sterkt angripne av husbukk. Taktekking er bølgeblekk.*

### **Døme på kvernhus i kommunen:**

#### **Kvernhus, Åsen, Myklemyr (304,008)**

*Uvisst kor gammalt kvernhuset og kverna er. Sjølve huset er i bra stand og alt inventaret er på plass. Det utvendige utstyret som høyrer til kverna er rotna opp.*

#### **Kvernhus, ved Breelvi, Nigardgrandane**

*Jostedal sogelag har overteke dette kvernhuset etter att det vart teke av flaum for nokre år sidan. Bygningen er sett opp att slik at den kan setjast i stand med det utstyret som høyrer til. Dette kvernhuset var truleg eit felles kvernhus for gardane i Mjølver.*

## 5.9 Religiøs og offentleg verksemd

*Bygningar knytt til religiøs verksemd*



Kyrkjene som vart bygd i middelalderen var i hovudsak stavkyrkjer og steinkyrkjer (*kyrkja på Ornes og i Dale*). Etter reformasjonen vart dei fleste kyrkjene tømra (Knagenhjelm, 1980). *Gaupne gamle kyrkje og kyrkja i Jostedalen og på Joranger vart bygd på 1600-talet*. Dette er tømra bygningar og alle har “rosemålingar” på veggane noko som karakteriserer kyrkjer frå denne tida.

*Resten av kyrkjene vi har i kommunen, Fet, Haf slo, Solvorn, Nes og Fortun, er alle bygd på 1800-talet (Gaupne kyrkje er bygd år 1900)*. 1800-talet vert kalla den tredje kyrkjereisingsperioden i Noreg. Vi hadde da fått eit kyrkje- og undervisningsdepartement som ga ut plansjeverk med typeteikningar til kyrkjer, og dei fleste kyrkjene som vart bygd då var inspirert av desse teikningane. Mange av dei gamle kyrkjene vart rivne eller ombygde i denne perioden

Prestegardane hadde ein høg status i bygda og var ofte eit mønsterbruk med jordforbetring o.l. Det er tre prestegardar i kommunen, i Luster, på Haf slo og i Jostedalen. *På Luster prestegard (109, 27-28) er hovudhuset, stabburet og lysthuset freda. Hovudbygningen er frå tidleg på 1700-talet*.

Innafor noverande kommunegrenser var det på 1800-talet eit rikt kristenliv og to personlegdomar vart kjent utover heile landet. Dette var Hans Feigum som sto bak “feigianismen” og “Syne-Marte” frå Veitastrond som kunne fortelje om framtida. Feigianerne forfekta ein strengare og djupare kristendom enn den Hans Nilsen Hauge sto for. Hans Feigum kalla seg profet og dei nærmaste disiplane møtast jamleg på loftet av mølla i Feigum.

Nokre av dei fyrste offentlege bygningane utanom kyrkjene var truleg tingstovene. *I kommunen var det tingstad i Solvorn, i Marifjøra og på Døsen. Dei tingstovene vi har spor av i dag er i Solvorn der deler av tingstova er ein del av Walaker hotell, og i Marifjøra vart tingstova gjort om til stovehus*.

Av embetsmannshus har vi i kommunen *Chistianelyst (202, 01)* i Solvorn som var sorenskrivargard for indre Sogn fram til 1966. Bygningen er ein stor bygning med enkel og symmetrisk utforming som karakteriserer empirebygningene. Sorenskrivargarden vart bygd i 1814-16, og var da ein av dei største trebygningen i landet (20 m lang og 14 m brei)

Forsamlingshus som bedehus og ungdomshus var viktige bygningar som kom til som følgje av eit voksende organisasjonsliv tidleg i dette hundreåret. Det var både religiøse og frilyndte verksemder som trengte sine hus.

Det første bedehuset i landet vart bygd rundt 1840. Bedehusa fungerte ein del stader som grendehus, det vart bygd og vedlikehalde av folk i grannelaget. Nokre kjelder meiner at ein bygde bedehusa for å få eit hus der kyrkjelyden kunne skifta og kvile før og etter kyrkjebesøket. Andre meiner det var lekmannsrørslar som “haugianerne” og misjonsselskapa som bygde bedehusa for å drive ein meir individuell religiøsitet og vekkingskristendom enn det kyrkja sto for (Aagedal 1986).

Fellestrekk ved bedehus-bygningane er den noko spartanske utsjånaden. I kommunen er det i dag 11 bedehus (sjå vedlegg).

### *Ungdomshus*

Dei aller fleste ungdomshusa vart bygd i mellomkrigsåra, og ungdomslagsrørsla var oppteken av målsak og norskdom, og folkeopplysning var ein måte å nå ut til folk (Ylvisåker 1993).

## Forvaltning av kulturminne i Luster 1994-2001

Ungdomshusa dukka opp i dei fleste bygdene og dei har nokre fellestrekk: Dei er i 1 1/2 etasje og inneheld forsamlingsaal med sceneoppbygning i eine kortenden. Dessutan har dei som regel kjøkken og matsal. Noregs Ungdomslag kom i 1917 med ein "Normalplan for ungdomshus" med ein klar "norsk stil". Desse teikningane fekk ikkje noko særleg gjennomslag og dei vart kritisert av fleire arkitektur. Noko av kritikken var at dei vart for kostbare å byggje og at dei var for austlandsinspirert (Swensen 1992)

Ylvisåker har delt ungdomshusa i tre grupper etter utforming og byggestil. 1) enkle og nøkterne ungdomshus, 2) T-forma grunnplan i "kyrkjestil" og 3) "det klassisistiske ungdomshuset" (Ylvisåker 1993).

*Ungdomshusa Bergheim, Framheim og Dølaheimen i Jostedalen og Ljosvanger på Indre Hafslo, er døme på ungdomshus som har ein enkel og nøktern stil. Dei er typiske forsamlingshus som vart bygd i perioden 1900 til 1940.*

Mange ungdomslag nytta kyrkjene som forbilde for ungdomshuset. Ein kjenner att inngangen på tverrenden av "midtskipet" og eit "tverrskip" i andre enden. Slike ungdomshus finn vi ikkje døme på i kommunen.

Den tredje typen ungdomshus er dei som har trekk frå klassisismen. Huset er gjerne rektangulært og strengt symmetrisk oppbygd. Det har eit sentralt og dominerande inngangsparti, gjerne med søyler, søylekapitel og pilaster. *Ungdomshusa Huldreborg i Skjolden, Soltun i Gaupne, Vårsol på Nes og Solvang i Fortun (ombygd brakkerigg) har alle klassisistiske trekk.*

Kvifor ungdomshusa vart så forskjellige er kanskje fordi ein ville "seie noko" med bygget. Dei ulike ungdomslagsrøslene hadde ulikt budskap dei ville ha fram. God arkitektur var og folkeopplysning.

### *Skulebygningar*

I dag er det 9 skulekrinsar med tilsvarande mange skulebygningar i bruk. På slutten av 1800-talet var det rundt 34 skulekrinsar i kommunen (sjå vedlegg) og i dei aller fleste krinsane var det skulebygningar.

#### ***Skulestove, Fjøsne (105, 004)***

*Skulestova på Fjøsne skal vere bygd på 1700-talet, og er av dei eldste skulebygga i kommunen.*

I 1860 kom det ein skulelov som m.a. sa at skulen skulle så langt som mogleg vere på fast stad. Departementet laga til typeteikningar for korleis skulebygget skule vere og korleis det skulle innreist. Desse teikningane er lagt til grunn for mange av dei skulebygningane som vart bygd i åra som kom (Aas,1989). Skulebygningane vart bygd opp etter same lest med gang, skulestove og kammers, der kammerset var lærarbustad. Nokre hus var og med hems (lem eller halvlem). *Eit godt døme på ei slik skulestove er Ugulen skule. I skulestova i Kinsedal og i Snøtun skule (som er flytta til Jostedalen skule) er mykje av det opprinnelege interiøret teke vare på..*

#### ***Skulehus, Jogarden, Sperle i Jostedalen (304,006)***

*Bygdeskulen er sett opp i 1876 for midlar som vart stilt til rådvelde frå kornmagasinet i bygda. Skulehuset vart plassert for seg sjølv unna anna busetnad. Skulen er no mest berre i bruk som lager.*



I 1889 kom det ein ny lov som innførte faga sløyd, handarbeid og gymnastikk. Dette stilte krav om rom som få skular hadde. Fleire stader vart skulekrinsane slått saman og det vart bygd større skular. *Livdtun skule er døme på ein slik stor skulebygning som stetta krava i den nye lova..*

I kommunen er det i dag 20 eldre skulebygningar i tillegg til dei 9 grunnskulebygningane som er i bruk (sjå vedlegg)

Andre skulebygningar utanom grunnskulebygningane i kommunen er det flotte “Munthehuset” på Kroken gård som var i bruk som Husstelskule frå 1897 og fram til ny skule sto klar på Hafslø i 1958.

### **“Munthehuset” /Husmorskulen i Kroken**

*Munthehuset var eit “kunstnarsenter” gjennom heile den romantiske epoken (byrjinga og midten av 1800-talet) i nordisk kunsthistorie (Loge 1989). Eigaren på byrjinga av 1800-talet, kaptein Gerhard Munthe, gjorde Kroken til ein møtestad for kunstnarar. Kjende romantiske målarar som J.Flintoe, J.C.Dahl, J. Tidemann, T.Femley, A.Achenbach og J.Frich vitja alle Kroken.. For mange kunstnarar ga oppholdet i Kroken opplevingar og inntrykk som vart avgjerande for utviklinga av den vidare målarkunsten deira.*

*I ytre Kroken er det spor etter busetnad heilt attende til 400 år e.kr, og ein kjenner mykje til historia til garden og bygda frå middelalderen og framover (Laberg 1926a).*

*Munthehuset er bygd ein gong i perioden 1765-1785 då Muntheslekta kjøpte garden. Hovudhuset (Munthehuset) vart i 1897 teke i bruk som husmorskule, og var i drift fram til 1957. Etter den tid har huset stått ubrukt.*

*Kulturlandskapet i Kroken ber tydeleg preg av maksimal utnytting av naturressursane. Her er i dag flotte bjørkehagar og einerbakkar som viser utnytting av bjørkelauv -og bark til dyrefor, og eineren til m.a. gjerdestaur.*

*Munthehuset/Den gamle husmorskolen er ein lafta bygning på 21/2 etasje som står på ein kraftig gråsteinsmur. Det er utført grundig arbeid på kartlegging, oppmåling og vedlikehaldsstatus for bygget.. Sist i 1987.*

## **Bygningar knytt til helse- og sosialstell**

Den eldste bygningen knytt til helse- og sosialstell i kommunen var Lyster Sanatorium som sto klart i 1902.

### **Lyster Sanatorium, Harastølen (109,020-026)**

## Forvaltning av kulturminne i Luster 1994-2001

*Dette var den fyrste spesialbygde offentlege institusjonen for behandling av pasientar med lungetuberkulose i landet (Lund -Johansen 1960). Bygningen er særmerkt utifrå plassering, storleik og utforming og den sosiale historia den bygger på. Bygningen har ei grunnflate på om lag 1300 m<sup>2</sup> og er ein murbygning i 3 etasjar. Taubana frå Døsen vart bygd for å frakte materiale opp for bygging av sanatoriet. Utover på 1900-talet vart det bygd fleire hus på Harastølen, som tjenarbustad, overlegebustad, luftbod og liggehalld. Bygget er teikna av arkitekt A. Fischer. I tillegg til hovudbygningen er det maskinhus, maskinistbustad, 3 mindre bustader + ein kiosk..*

Gamle gamleheimen i Luster vart bygd på 30-talet og gamleheimen på Hafslo vart bygd etter mønster frå Luster. I gamleheimen i Luster hadde sanitetsforeininga to rom som må vere å rekne som den fyrste sjukestova i kommunen.

### 5.10 Eldre kulturlandskap

Eldre kulturlandskap og interessante kulturmarkstypar er i ferd med å forsvinne frå landskapsbildet gjennom attgroing, endring av tradisjonelle driftsformer eller ved omfattande inngrep. Kulturlandskap er ei felles nemning der både Kulturmarkstypar, bygningsmiljø og tekniske anlegg er representert i same område. Gjennom dei tradisjonelle driftsformene i jordbruket har ein vore med å forma miljøet slik vi ser det i dag. Nye krav til jordbruket gjer at ein i liten grad held fram med slik stell av landskapet.

#### *Kulturmarkstypar*

*Styvingstre og kulturskogar* er enkelt-lauvtre eller skogar av lauvtre som har vore nytta til fôrsank både ved å bruke lauvet, borken og tynne greiner. *Hagemark* er beitemark med tresjikt. Dette er ofte lågproduktive og lysopne jordbruksareal med trær som anten blir nytta til for (bjørk, alm, ask) eller til reiskap slik søyleeineren blir nytta til staur. *Gode døme på kulturskogar og hagemark finn vi i Almehagen på både Loi, Skjolden og på Nyløy i Fortun. På Ornes og i indre Kroken er det bjørkehagar der ein ser at trea har vore hausta.*

*Urterike slåtteenger* er karakterisert med eit stort artsmangfald og har ofte eit høgt innhald av ville urter. For å oppretthalde blomsterengene må ein slå engene fyrst etter at plantene har frødd seg. Kraftig gjødsling vil favorisere næringskrevjande arter som vidare vil hindre blomsterarter som er mindre næringskrevjande. På *Stemmingo og på Beheim på Hafslo er det gode døme på slike enger.*

*Myr- og våtmarksslåtter* har ofte ein høg produksjon ved at flaumvatn fører med seg næringsstoff, jfr. Vadøyane i Fortun.

#### *Tekniske anlegg knytt til jordbruksdrift*

Eit godt døme på dette er alle *steingjerde* som har vorte bygd opp rundt innmark og anna eigedom. Den lengste steinmuren vi har i kommunen er truleg utgardsmuren eller bøgarden som er om lag 7 km lang og går rundt mest heile Hafslo. Spesielt tydeleg er muren frå Heggmyrane og ned under Tvangen og Rupheim til Vetlestølen/Lunden.



*I Geistdalen er det bygd opp ein mur kring heile innmarka på stølen. Lengda på denne steinmuren er på over 1 km. Om muren blir det fortalt at det var folk frå Gud-brandsdalen som bygde muren mot kost og losji. Nokre av dei vakraste steinmurane har vi truleg kring kyrkjegardane i kommunen. Ekstra store og fine er og steinmurane attmed vegen i Dalsdalen. På Svensøystølen fremst i Fortunsdalen ligg det to 70 meter lange murar som er over ein meter breie og snautt 175 meter høge. Det er uvisst kva desse murane skulle tene for. Steinheller eller steinpålar vart nytta som gjerdestaur, spesielt i hjørnet på gjerdinga der det var trong for ein solid staur. Ekservoll i Luster og Mosvollen i Jostedalen viser døme på korleis ein har nytta stein til gjerding*

Rydningrøyser og oppmurte terrassar finst og mange stader. Tillaging av terrassar var naudsynt på bratte jordbruksareal for å nytte meir av jorda og for å hindre utvasking. På garden Li ved Fåberg er det døme på oppbygde terrassar i innmarka. *Spesielt fint terrassemurarbeid finn vi på garden Urdi i Høyheimsvik.*

Bruer, oppmurte småvegar, kve og veiter er andre spor som fortel om tidlegare tiders arbeid. På *Berget i Jostedalen* er det bygd opp ein eigen mur kring det området ein tørka potetgras, «*pateriskvemuren*». For gardane på Nes og Høyheimsvik vart det bygd vatningsveiter og kanalar for å vatne desse områda som ikkje har tilgjenge til verken bekker eller elver. *Talleveiti* er truleg den lengste vatningsveita som er laga i kommunen. Ho vart bygd i 1860 og gjekk frå Heggdalen og ut til Talle i Høyheimsvik, til saman over 10 km (Lavoll 1992).

Eit særmerkt innslag i kulturlandskapet som tydeleg har kome på grunnlag av vertilhøve, er *fonna-murer*. Ovafor garden Nyork i Krundalen er det bygd opp ein V-forma tørrmur for å kløyve snøskred som kjem mot garden.

Større kulturlandskapsmiljø er omtala i pkt.5.3.

## 5.11 Det mest karakteristiske ved kulturminnearven

Kapittel 5 så langt har vist mangfaldet og karaktertrekk ved kulturminna i Luster. Når ein vil freiste å trekke fram det som er aller mest særmerkt og karakteristisk i kommunen, er naturen eit sentralt utgangspunkt. Landskapet har hatt innverknad på kor og korleis folk har bygd og busett seg og naturressursar og klima viser att i verksemder og byggeskikk.

Store utmarksressursar i høgfjellet gjer at ein har nytta desse områda i lang tid tilbake. *Dyregraver og overnattingsstader* for jegerar finn vi i rikt monn i høgfjellet. Nokre stader ser ein av topografien naturlege trekkvegar for rein, og her finn ein og store fangstanlegg. Framleis vert det oppdaga nye kulturminne i fjellet. *Skålgroper* eller offergroper finst i fleire stølsområde i Luster. Av det ein kjenner til er det ikkje så store samlingar med slike bronsealderristningar nokon annan stad i landet.

*Høgdegardar* (gardsbruk som ligg fleire hundre meter over fjorden) ser vi på som marginalbruk i dag, men desse var fleire stader gardar med best innkome pga. store utmarksareal. I dei lågareliggjande fjellområda er *stølane* mange og karakteristiske.

*Bruken av stein som byggemateriale* var mykje brukt i kommunen tidlegare, heile bygningar, løemurar, oppbygging av vegar, bruer og terrassar og stein til takteking.

## Forvaltning av kulturminne i Luster 1994-2001

Steinen finn vi og att i kulturlandskapet elles, i steinmurar som gjerdestolp og samla i rydningsrøyser.

Vertilhøve, dal- og fjordsider eksponert mot sola, saman med jordsmonnet har vore grunnlag for fruktdyrking og tobakksdyrking. *Spesialbygde tørkehus for tobakk* vart sette opp fleire stader i kommunen. Desse er særmerkte for kommunen ettersom Luster var den viktigaste staden i landet for dyrking av tobakksblader av høg kvalitet.

I fleire av sognebygdene var det *strandsitjarmiljø* som voks fram på handelsstadene. Dei små husa tett attmed kvarandre er det karakteristiske med strandsitjarmiljø. Solvorn representerer truleg det beste døme vi har på strandsitjarmiljø i landet.

Luster har motteke impulsar frå utanverda som syner att i byggeskikk. Ein kan snakke om ein vestlandsk byggeskikk, tømmerhus kledd med liggjande bord og med sperretak og ein austlandsk byggeskikk der tømmerhuset er kledd med ståande bord, om det i det heile er kledd inn, og taket er åstak. I Luster møtast desse byggeskikkane og vi kan finne bygningar der ein har brukt både åsar og sperrer i takkonstruksjonen.

Turistar og kunstnarar kom tidleg til Luster for å oppleve naturen. Skysstasjoner og gjestgiveri vart utvida og nye hotell vart bygde. Bygningane hadde ofte utskorne dekorasjonar som einskilde bustadhus tok etter.

Nokre bygningar i kommunen er særmerkte fordi det knyter seg spesielle hendingar til dei. Dette gjeld i høgste grad "*Munthehuset*" på gården Kroken som vert rekna som den viktigaste staden for målarkunst i Norden tidleg og midt på 1800-talet. *Luster Sanatorium*, Harastølen, er ein annan bygningsmasse som fortel om behovet for å ha eit sanatorium for tuberkulosepasientar rundt hundreårsskiftet.

Med det småskalajordbruket som blir drive i kommunen og som i enno større grad vart drive tidlegare, er restane av eit *historiske kulturlandskap* og kulturmarkstypene viktige for heilskapsbilde av kommunen. Hafslo-bygda frå vatnet og opp på fjellet viser i dag strukturen av teigblandinga og bruk av slåtteenger og stolar. Fleire stader finn ein små almelundar og bjørkehagar som tydeleg ber preg av utnytting.

Kommunen har hatt godt med *vassressursar* noko som i seinare tid visast att i kraftutbygginga. Luster var tidleg ute med å nytte vatnet til elektrisk kraft og kraftverket som stod ferdig i Døsenelva i Luster i 1901/1902 var det fyrste av sitt slag i fylket. Mest kvar gard hadde kvernhus i si tid, men det vart og bygd opp bygdemøller. *Feigemølla og oppgangssaga der er av dei få som er att i distriktet.*

Mål for planarbeidet er vedteke av hovudutval for kultur og fritid:

\* *Skape forståing og respekt for den eineståande kulturarven vi forvaltar i Luster*

\* *Ta vare på døme på representative og særprega kulturminne i Luster*

# 6 HANDLINGSPROGRAM

## 6.1 Prioriterte kulturminne

I kapittel 5 er det gitt eit oversyn over mangfaldet og karaktertrekka av kulturminna i kommunen, og i pkt. 5.11 er det gjort ei avgrensing til det mest karakteristiske. Denne lista inneheld i nokon grad dei bygningane eller miljøa som er freda eller verna i kommunen (sjå kap. 4). Kyrkjer er ikkje teke med i denne prioriteringa som følgjer.

Retningsgivande liste over vedlikehald- og restaureringsobjekt og område i forhold til stønadsordningar og annan kommunal medverknad (ikkje i prioritert rekkefølge)

- dyregraver, spesielt ved Turtagrø og hellerar i fjellet
- skålgroper, spesielt ved Saude
- høgdegardar, spesielt Ormelid, Rebni, Berget og Fuglesteg
- kulturlandskapet i Dalsdalen i Luster
- det heilskaplege miljøet i Marifjøra
- stølar, spes. steinbygningane
- bygningar og anlegg der bruken av stein er eit framtreddande bygningsmateriale
- tobakkshus
- strandsitjarmiljøet i Solvorn
- “Muntheuset” og det verneverdige kulturlandskapet rundt dette bygget på Kroken gard
- “Luster Sanatorium” og kulturlandskapet rundt.
- heilskapsbilde av “småskalajordbruket” med fokusering på historiske kulturlandskap, spesielt almelund på Loi og hagemark i Kroken
- kulturminne knytt til vassressursar, spesielt mølla og saga i Feiga
- kaihuset og brygge på Skjolden
- Modvo på Hafslo
- Gamlevegen Sogndal - Hafslo
- Espestølen, plass under bnr. 1, i Jostedalen - husa og kulturlandskapet rundt
- Stuaflaten mellom Mollandsmarka/Ytre Eikjo
- Turkehusa for torv på Turtagrø
- Tingstova på Hunshamar, Marifjøra
- Regulert område ved Urnes Stavkyrkje
- Gardstunet Berge (Gnr. 12, Bnr. 1) i Fortun

I tillegg til dei prioriterte kulturminna kan det søkast om kommunalt støtte til andre verneverdige kulturminne i kommunen. Retningslinjer for prioritering av desse står under punkt 6.4 økonomiske verkemiddel, i handlingsprogrammet.



## Forvaltning av kulturminne i Luster 1994-2001

### 6.2 Informasjon og haldningsskapande arbeid

#### Kommunal informasjon

Kommunen skal leggja vekt på å auke informasjonsformidlinga om lokale kulturminne. Kommunen må gi naudsynt informasjon både om kulturminne generelt, kva kulturminne kommunen har, kva tilskotsordningar som finnes og korleis ein kan søkja om tilskot og lån for istandsetjing av verneverdige kulturminne.

Kommunen må også gi informasjon om viktige føresegner i kulturminnelova og plan- og bygningslova, t.d. om automatisk freda kulturminne og fasadeendringar og tilbygg på eksisterande bygningar.

Materiale om kulturminne og kulturlandskap bør leggjast til rette slik at skulane kan bruke det i undervisninga, både som ei innføring i emne og med utflukt til interessant lokalitetar.

#### Anna informasjon

Kommunen skal vera medarrangør/igangsetjar av den nasjonale kulturminnedagen, kulturminne- og restaureringskurs, aktuelle foredrag og/eller kurs for eigarar av kulturminner, politikarar og andre.

Kommunen skal vera med på å skapa kontaktar med fagpersonar som kan gi råd og rettleiing på restaurering.

#### Skilting- og turistinformasjon

Enkelte kulturminne bør gjerast tilgjengelege med skilting og brosjyrer. det bør også etablerast kulturminneløyper i sentrale område som har mange interessante kulturminne. Dette kan kombinerast med naturfagleg informasjon. Aktuelle utgangspunkt for slike rundløyper er sentrale kulturminne og/eller turistattraksjonen.

### 6.3 Administrative verkemiddel

#### Systematisering og tilgjenge

I samband med dette planarbeidet er det forsøkt å systematisere og lage til nokre ordningar med kulturminnevernet. Bakgrunnsmateriale bør på ein enkel måte vere tilgjengeleg på biblioteka. Når det gjeld kulturminne i fjellet, vert det heile tida oppdaga nye område. Eit registreringssystem for dette er laga til og bør følgjast opp. Kulturminneregistrennga (SEFRAK) som er eit register over alle bygningar bygd før år 1900 i kommunen. kan ein få evaluert i høve verneverdi. Med tida vil det vere mogleg å kople seg til eit "on-line" system for å bruke desse opplysningane i den kommunale forvaltninga.

Luster kommune må følgje opp registreringsarbeidet med kulturminne i fjellet og med bakgrunn i dette utarbeide kart med opplysningar om kulturminne i fjellet samt arbeide med å få evaluert SEFRAK-materialet for Luster og kople seg på "on-line"-systemet for å kunne bruke kulturminneregisteret ved sakshandsaming i kommunen.

## 6.4 Økonomiske verkemiddel

### Kulturpris

Luster kommune har gjort vedtak om at det skal delast ut ein kulturpris kvart år. Innan dette omgrepet kan definerast både bygningsmiljø og generelt kulturminnevern.

### Stønadsordningar

Ved restaurering av kulturminne kan eigar/søkjar få statlege tilskot gjennom spesielle tiltak til freda og verneverdige bygningar i landbrukets kulturlandskap (forkorta til STILK) og kulturminnetilskot frå Fylkeskultursjefen. Ein del kulturminne vil kunna falla heilt utanom desse to tilskotsordningane.

Kommunen kan gi tilskot til oppfølging av kulturminneplanen. Ein forutsetning for å kunne gi kommunalt tilskot er:

1. at tiltaket er omhandla i kulturminneplanen
2. det er søkt om statlege midlar der dette er aktuelt og kopi av svarbrevet ligg vedlagt
3. tiltak som har fått statleg og/eller anna offentleg tilskot i prinsippet kan få innvilga tilsvarande kommunalt tilskot, men likevel ikkje over 2/3 av totalkostnad.
4. det vert lagt fram rekneskap som visar totalkostnad før tilskotet kan utbetalast
5. det vert sett ein arbeidsfrist frå tilskotet er innvilga på eit år

### Søknadsfristen for kommunalt tilskot til restaurering av kulturminne i Luster vert sett til 1. mars.

Dette gjeld både restaurering av kulturminne samt heil eller delvis dekking av meirkostnader i område regulert til spesialområde for bygningsvern, landskapsvern og kulturminnevern.

Alle innsende søknader vert behandla av hovudutval for undervisning og kultur som fordeler 75% av den kommunale budsjettposten til kulturminnevern fastsett i økonomiplanen i denne søknadsomgangen. 25% av midlane vert sett av til straktiltak gjennom året.

### Prioritering for tildeling av kommunale midlar:

Kulturminna vil verta prioriterte etter følgjande prioriteringsnøkkel:

1. Svært særmerkte kulturminne i kommunen som det er berre eit eller få av - og som kommunen vurderer som svært verneverdig.
2. Kulturminne som vert rekna som svært verneverdige på fylkesplan og/eller landsplan og som kan leggja fram dokumentasjon på dette.
3. Heilheitleg og beveringsverdig kulturlandskap som omfattar både bygningsmiljø og kulturlandskapet rundt desse..
4. Særmerkte kulturminne som ligg slik til at mange får glede av dei, dvs. kulturminne som ligg nær veg, mykje nytta tursti, skular og tettbebygde strøk.
5. Andre verneverdige kulturminne av antikvarisk verdi.

Følgjande kulturminner vil verta høgast prioritert for kommunalt tilskot i kommande toårsperiode fram til neste rullering av planen. Prioriteringa er gjort med bakgrunn i verneverdi og konkrete planar om bevaring/restaurering:

- Tingstova på Hunshamar, Marifjøra
- “Muntheuset” og det verneverdige kulturlandskapet rundt dette bygget på Kroken gard

## Forvaltning av kulturminne i Luster 1994-2001

Stønadsordningar og fagleg bistand i spesialområde i reguleringsplanar og andre verneverdige bygningar og miljø

I samband med reguleringsplanarbeidet i Solvorn, på Ornes, *Høyheimsvik og Skjolden*, i er område regulert til spesialområde for bygningsvern og landskapsvern der det m.a. blir laga restriksjonar på kva materialbruk som kan nyttast. Ettersom det blir stilt krav til materialbruken kan dette falle dyrare enn dei materiala ein elles ville ha nytta. Kommunen kan gi heil eller delvis dekking av meirkostnader i område regulert til spesialområde for bygningsvern, landskapsvern og kulturminnevern.

Søknadsfristen for å søkje om heil eller delvis dekking av meirkostnader i område regulert til spesialområde for bygningsvern, landskapsvern og kulturminnevern vart sett til 1. mars.

### 6.5 Juridiske verkemiddel

Reguleringsplan, spesialområde for bygnings- og landskapsvern

Plan- og bygningslova er det viktigaste juridiske verkemidlet kommunen kan bruke i arbeidet med å sikre kulturminne og god byggeskikk. For å hindre at heilskaplege miljø vert øydelagt av uheldige inngrep og tiltak kan ein regulere området til spesialområde for bygningsvern og/eller landskapsvern. I pkt. 5.3 er større "kulturmiljø" i kommunen skildra.

Luster kommune vil starte opp regulering av innte delen av Dalsdalen i Luster for å sikre bygningsmiljø og kulturlandskap.

"Skjønnhetsparagrafen"

Gjennom plan- og bygningslova kan ein sikre at nye bygg, ombygging og påbygg "...tilfredsstillar rimelege skjønnhetshensyn både i seg selv og i forhold til omgivelsene" (§ 74.2). Det bør utarbeidast retningsliner for handheving av 74,2, «skjønnhetsparagrafen» i Luster kommune.

Lov om kulturminner

Område som er gitt status innan kulturminnevernet, bør vurderast i kva grad kommunen bør anmelda eller koplå inn politiet i tilfelle der det er snakk om riving, sal av murar, bygningsdelar m.m.

Areal- og kulturlandskapstilskot

Alle gardsbruk i drift kan søkja om produksjonstilskot. Ein vesentleg del av dette tilskotet er eit areal- og kulturlandskapstilskot. Eit vilkår for dette tilskotet er at det ikkje er gjort inngrep i kulturlandskapet. Vilkåra for å få dette tilskotet må følgjast opp.

# Litteraturliste

- Bathen, M. 1967: "Skulen i Hafslo gjennom 220 år"
- Bathen, M. 1983: Segn og saga, HaLslo Sogelag 1983
- Bolstad, B. og Kvamme, M. 1980: Kulturistoriske registreringar i Breheimen 1980. Arkeologiske rapporter. Historisk museum. UiB.
- Borchrevink, A.B. 1971: Etnologisk feltarbeid i Mørkrisdalen sommaren 1971. Institutt for folkelivsgransking. UiO.
- Borchrevink, A. 1974: Etnologisk feltarbeid i Jostedalen sommeren 1972. Institutt for folkelivsgransking. UiO.
- Bøe, J. 1944: Høgfjellsristninger i Luster i Sogn, i Viking
- Dyrhaug, T. 1984: "1884. Nærbilde av et år"
- Fett, P. 1955: Førhistoriske minne i Sogn, Hafslo prestegjeld. UiB
- Figenbaum, P. 1992: Konservesindustrien i Sogn, i årbok for historielaget for Sogn historielag 1992, Gravenstein. Fraktdyrking i Sogn gjennom 200 år
- Faaberg, A.B. 1989: Nytteferdsel på breen, i Jostedalsbreen og bygda den fikk narnn etter (Kjærvik)
- Gjærder, P. 1980: Hus og byggeskikk, i Bygd og by i Norge (Schei)
- Gustafson, L. 1982: Arkeologiske registreringar i Mørkri, Utlå- og Feigumvassdraget. Arkeologiske rapporter. UiB.
- Hauge, L. og Austad, I. 1989: Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Luster kommune, Kulturlandskap i Sogn og Fjordane, Bruk og vern. Rapport nr. 5. SFdh-skriftserie 1989:8
- Hovland, B. 1988: Hellebrot i Dalsdalen, i årbok for historielaget for Sogn, 1988, Brød av stein.
- Jostedal skule- og bygdeavis, nr. 2 1986/87
- Johannessen, F.E. 1983: Årdal kobberverk, en industribedrift i et før-industrielt samfunn, 1708-1734, hovudoppgåve, UiO.
- Kleiva, I. 1966: På oppdagingsferd i Sogn.
- Knagehjelm, V. 1980: Kirker og kirkeliv, i Bygd og by i Norge (Schei)
- Kvamme, M. & Randers, K. 1982: Breheimundersøkelsene 1981. Arkeologisk rapport 3. historisk museum. UiB.
- Laberg, J. 1926 a: Hafslo, bygd og ætter
- Laberg, J. 1926 b: Luster, bygd og ætter
- Lavoll, H. 1992: Talleveiti og andre vatningsveiter, i Bjønnaposten 1992
- Lund-Johansen 1960: Lyster Sanatorium
- Mork, P. 1994.: Røykonn og glasveranda. Hovudoppgåve om byggeskikk i Luster, Etnologisk avd. UiO.
- Mølmen, Ø. og Reimers, E. 1977: Viltbiologiske forundersøkelser Jotuneimen - Breheimen (Villrein) (sarnla vurdering)
- Mølmen, Ø. 1977: Viltbiologiske forundersøkelser i Jotunheimen / Breheimen, felt 1, 3, 4 og 5. Fangst og jakt på villrein.
- Randers, K. 1986: Breheimundersøkelsene 1982-1984, høyfjellet, Arkeologisk rapporter 10, hist. museum, UiB
- Randers og Kvamme 1992: Breheimundersøkelsene 1982-1984, stølsområdene Arkeologiske rapporter 15, hist. museum, UiB
- Sandal, P. 1989: Kraftforsyninga i Luster 1915 - 1990
- Skriftstyret, Hafslo Husstellfagskule, 100 år, Frå Holmedal til Hafslo.
- Sogn og Fjordane meierilag, 1974: Meieribruket i Sogn og Fjordane
- Sænsen, G. 1992: Nøkterhet og måtehold som ideal i Fortidsvern '92-4.
- Tønnesen, T. 19xx: Anortositverk i Kinsedal, oppg. v. Sogndal lærarhøgskule

## Forvaltning av kulturminne i Luster 1994-2001

Ylvisåker, A.B.1993: Hall, me helsar deg, syn oss framtid's veg, i årbok for historielag for Sogn 1993

Øyane, L. 1984: Bygdebok for Luster, band 1, Fortun sokn

Øyane, L. 1986: Bygdebok for Luster, band 2, Dale 1 sokn

Aagedal, Olaf (1986): "Bedehuset" Artiklane:" Bedehuset og bygda" av Andreas

Ropeid og "Det første bygdebedehuset" av Arne Berg

Årbok for historielaget for Sogn

Aas, Sverre (1989): Frå allmugeskule til grunnskule i Sogn og Fjordane

### SAKER/DOKUMENT:

077/91, prosjekt framtid for fortida, godkjenning av prosjektplan (Geirr Vetti) 27.01.89, brev frå fylkeskultursjefen vedr. verneverdige bygn.og miljø i Luster 28.03.90, brev frå Fortidsminneforeningen vedr. verneverdige bygn. og miljø i Luster SEFRAK-registeret, ei registrering av alle bygningar bygd før 1900 i kommunen. Kopi av registreringsskjemaene finst på kulturkontoret.

### INFORMANTAR

Jens Petter Hansen. Norsk Hydro, Oslo

Leidulf Wangelsten, Kinsedal

Berit Gjerland, Fylkeskultursjefen

Nils Hunshammar, Marifjøra

Magda Bukve, Jostedalen

Johannes Hauge, Skjolden

Teodor Finstad, Hafslø

Trygve Skjolen, Luster

## Vedlegg

### Ungdomshusa i kommunen:

- Solvang, Fortun 1959
- Huldreborg, Skjolen 1911/17
- Markstein, Luster
- Vårsol, Nes
- Soltun, Gaupne 50-talet
- Bergheim, Mylkemyr 1927
- Framheim, Fossøy 1928
- Dølaheimen, Jostedalen 1923
- Ljosvang, Indre Hafslø 1937

### Bedehus

- Fortun 1970
- Bolstad
- Luster 1903/60
- Gaupne 1928
- Maritfjóra
- Lambhaug
- Hafslø
- Solvom
- Omes ca 1950
- Veitastrond
- SION Luster

### Andre Grendahus:

- Losjehuset, Skjolden
- Kinsedal Samlingshus 1912
- Fredheim 1925
- Grendahuset i Kroken
- Sørheim grendahus 1936
- Vigdalen Grendahus 1920
- Lyngmo Ungdomssenter 1965/89
- Mollandsmarki Grendahus 1952
- Skyttarhuset i Fortun 1987
- Ornes grendahus 1910/15
- Heimskringla Sørheim

### *Skulekrinsar på slutten av 1800-talet i kommunen*

I 1892 vart det gjort vedtak om ny krinsskipnad i tidlegare Luster kommune, og ein hadde då desse skulekrinsane / skulehusa (Laberg 1926b): Gaupne, Rønneid, Vigdalen, Leirdalen, Nes, Feigum, Fladhammar, Kroken, Svensøy, Bolstad, Mørkrid, Sørheim, Fjøsne og Råurn.

I 1883 var det 14 skulekrinsar i tidlegare Hafslø kommune (Laberg 1926a). Det vart etterkvart skulehus i dei fleste krinsane. Det kom på slutten av forrige hundreåret skulehus i Joranger, Solvom, Fet og Kroken. Nye fag som krov større og andre rom enn det skulen hadde, var ein av årsakane til at ein krinsar vart samanslegne og det vart bygd større hus, som t.d. Hafslø skule og Livtun skule.

I Jostedalen hadde ein truleg følgjande skulekrinsane på slutten av forrige hundreåret: Myklemyr, Sperle, Bjørk, Krundalen og Mjølverdal.

### *Eldre skulebygningar som finst i kommunen i dag*

Dei fleste av desse bygningane er ute av bruk som skule og dei har fått ein ny bruk

- Berge skule (102,136),
- Ugulen
- Ospehola
- Kreken
- Molland
- Joranger, flytta til Rygg
- Ornes (201,22)
- Kvam
- Heggstad
- Livtun
- Hafslø
- Solvorn
- Myklemyr
- Sperle skule (304,6), 1876
- Krundalen
- Krundalen gamle, Snøtun, flytta til Jostedalen kyrkje
- Vigdal
- Nes
- Fjøsne skule (105,4),
- 1700-talet